

Bømlo i dag – eit samfunn i endring



Status og hovudutfordringar 2023-2034



24.10.2023

Kommunedirektøren

– eit samfunn i endring

Me er inne i ei brytningstid. Det skjer store endringar både nasjonalt og globalt. Skal me møte framtida på ei god måte må me vere førebudd. For å ta gode avgjerder treng ein påliteleg kunnskap.

Kommunen har etter Folkehelseleva plikt til å fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve, å førebyggje sjukdom, samt å ha oversikt over helsetilstanden og aktuelle påverknadsfaktorar. Helse er gitt stor plass. Dette har samanheng med at ulikskap i helse, sjukdom og uførleik førar til store kostnader for samfunnet og den einskilde. Eit slikt samla kunnskapsgrunnlag er lovpålagt, og skal vere skriftleg kvart fjerde år. Dette dokumentet skal gi ei oversikt over tilgjengeleg faktakunnskap på viktige område, og danne grunnlag for ein open, konstruktiv og informert debatt om korleis Bømlo kan møte framtida på ein berekraftig måte. Kunnskapsgrunnlaget skal bidra til ei felles forståing av utfordringane i kommunen, og skal m.a. ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunal planstrategi og anna planarbeid. Samfunnsdelen blir i neste omgang førande for arealplanlegginga.

Rådgevargruppa i Bømlo kommune har, i samråd med strategisk leiargruppe, blitt einige om kva me meiner er dei største utfordringane for kommunen på området for folkehelse. Innhaldet i dokumentet er basert på tilgjengelege nasjonale og lokale kjelder, etablert kunnskap og nyare forskning. Det er viktig at dette dokumentet blir kjent og drøfta av dei folkevalde, og at politikarar og administrasjon har ei felles forståing av det langsiktige utfordringsbiletet for kommunen vår.

Kjetil Aga Gjørseter

kommunedirektør

Innhaldsliste:

1. Innleiing	6
2. Tema: Demografi	7
2.1. Status i Bømlo kommune	7
2.2. Endring i folketal over tid og prognose	8
2.3. Befolkningsutvikling Bømlo	8
2.4. Migrasjon; arbeidsinnvandring og flyktningar	10
2.5. Oppsummering demografi	12
2.6. Samfunnsøkonomiske vurderingar	13
2.7. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 2	14
3. Tema: Bustadstruktur og geografi	15
3.1. Folkevandring og flytting	15
3.1.1. Flyttemotiv	15
3.1.2. Lokale tal 2015-2022	16
3.2. Endring av busetnad i skulekrinsane	17
3.2.1. Historiske og nye bustadeiningar som det er tatt høgde for i prognoseutrekningane	17
3.2.2. Aldersfordeling i skulekrinsane	18
3.3. Fordeling bustadtypar	19
3.4. Mobilitet og trafikktryggleik	19
3.5. Spørjeundersøking tilflyttarstrategien	21
3.6. Oppsummering bustadstruktur og geografi	22
3.7. Samfunnsøkonomiske vurderingar	23
3.8. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 3	24
4. Tema: Helsetilstand og levevanar	25
4.1. Helsetilstand generelt	25
4.1. Helse hos barn og unge	25
4.1.1. Ungdata-resultat for Bømlo	26
4.1.2. Tannhelse	27
4.1.3. Vektutvikling/overvekt	27
4.1.4. Psykisk helse	28
4.1.5. Skjermtid	29
4.2. Supplerande data oppvekst og levekår for ungdom	30
4.3. Helse hos vaksne og eldre	30
4.4. Legemiddelbruk og bruk av helse- og omsorgstenester	32

4.5. Levevaner/livsstil.....	34
4.5.1. Røyking	34
4.5.2. Overvekt.....	35
4.5.3. Alkohol	37
4.5.4. Illegale rusmiddel.....	38
4.5.5. Søvn	39
4.5.6. Seksuell helse og tryggleik	39
4.6. Komplekse samfunnsrelaterte folkehelseproblem.....	39
4.7. Oppsummering helsetilstand og levevanar	40
4.8. Samfunnsøkonomiske vurderingar	41
4.10 Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 4	42
5. Tema: Inkludering og deltaking	43
5.1. Arbeidsmarknad og næringsliv	43
5.1.1. Innvandring	43
5.1.2. Arbeidsplassar.....	44
5.1.3. Sysselsettingsgrad og inntekt.....	44
5.1.4. Arbeidsfelt kvinner	45
5.1.5. Arbeidsfelt menn	46
5.2. Utdanningstilbod og utdanningsnivå.....	46
5.3. Arbeidsuførleik og arbeidskraftreserve.....	47
5.4. Sosial ulikskap i Bømlo	47
5.5. Oppvekstmiljø, barnehage, skule.....	50
5.5.1. Lesedugleik	50
5.5.2. Overgangar	51
5.6. Kultur, fritid og deltaking	52
5.7. Nærmiljø og møteplassar.....	52
5.7.1. Lokalmiljøet	53
5.7.2. Kva meiner folk er viktigast å jobbe med i Bømlo?	54
5.7.3. Framtidstru	54
5.8. Integrering	55
5.9. Medverknad	55
5.9.1. Styrkebasert metode (ABCD) som tilnærming	55
5.9.2. Samarbeid med lag og organisasjonar	55
5.9.3. Samarbeid med grendautval	56
5.9.4. Medverknad frå ungdom	56
5.9.5. Medverknad frå eldre	56
5.10. Oppsummering inkludering og deltaking.....	56
5.11. Samfunnsøkonomiske vurderingar	58
5.12. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 5	58
6. Tema: Klima og miljø.....	59
6.1. Klimaendringar og konsekvensar for Bømlo	59
6.2. Mindre tilgang på areal	61

6.3. Lokale miljøutfordringar	61
6.3.1. Utslepp til luft	61
6.3.2. Utslepp til vatn	61
6.3.3. Jordvern	62
6.4. Kraftproduksjon	62
6.5. Miljøretta helsevern	63
6.6. Oppsummering klima og miljø	63
6.7. Samfunnsøkonomiske vurderingar	64
6.8. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 6	64
7. Tema: Overordna samfunnsøkonomiske vurderingar	65
7.1. Økonomisk berekraft	65
7.1.1. Økonomisk konsekvens av demografiske endringar	65
7.1.2. Arbeidskraftreserve	65
7.2. Potensiale ved førebygging	66
7.2.1. Kosthald	67
7.2.2. Fysisk aktivitet	67
7.2.3. Fallførebygging	67
7.3. Kapasitet i den kommunale organisasjonen	68
8. Kjelder og aktuelle nettsider	69
9. Vedlegg: Oppvekst og levevilkår - ungdom	69

1. Innleiing



Mål 16. Fred, rettferd og velfungerande institusjonar: Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.



Delmål 16 b: Fremje og handheve ikkjedis-kriminerande lover og politikk for berekraftig utvikling.



Mål 17. Samarbeid for å nå måla: Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling.

Berekraftig planlegging

Planlegginga skal fremje berekraftig utvikling, det vil seie å sikre ei utvikling som møter behova i dag utan å øydeleggje for komande generasjonar. Norge har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Bømlo kommune skal gjere sitt for å nå desse måla. Alle berekraftsmåla er relevante for kommunen, men i planane må vi prioritere kva for berekraftsmål som er mest viktige.

Dette kunnskapsgrunnlaget er i seg sjølv med på å oppfylle berekraftsmål nummer 17.14: oppnå ein meir samstemt og heilskapleg politikk for berekraftig utvikling.

Kunnskapsgrunnlag og folkehelsearbeid





Bømlo kommune skal basere planar og politikk på kunnskap. Dette er forventa av oss som kommune, mellom anna i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027. Både samfunns- og arealplanlegginga skal byggje på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag.

Etter folkehelselova skal kommunen ha nødvendig oversyn over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan påverke dette. Behov og utfordringar vil variere frå stad til stad. Oppfølginga av nasjonal politikk må bli tilpassa lokale forhold gjennom gode planprosessar. Difor er det viktig at vi kartlegg og definerer sjølv kva som er “nødvendig oversyn” i Bømlo kommune.

Dette dokumentet er eit **kunnskapsgrunnlag** som skal gje eit oversyn over dei viktigaste faktorane som kan påverke befolkninga si helse i Bømlo kommune. **Folkehelse** er eit vidt omgrep som mellom anna handlar om livskvalitet, trivsel, fråvær av- og meistring av sjukdom. Men like viktig er vern mot helse-trugsmål grunna miljøfaktorar og konsekvensar av klimaendringar.

Kunnskapen her vil bli lagt til grunn for kommunen sitt **folkehelsearbeid** og all planlegging dei neste åra. Folkehelsearbeid handlar om den innsatsen vi gjer for å påverke faktorar som får konsekvensar for livskvalitet og trivsel, i dag og i framtida. Gjennom politikk og planlegging skal kommunen vår vise tiltak for å verne oss mot helse-trugsmål og jamne ut uønska sosiale skilnader. Skal heile kommunen dra i same retning er det viktig å vere samde i utfordringsbiletet.


2. Tema: Demografi

<p>3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET</p> 	<p>Mål 3. God helse og livskvalitet: Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.</p>		<p>Delmål 3.4. Innan 2030 redusere prematur døyning av ikkje-smittsame sjukdommar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremje mental helse og livskvalitet.</p>
<p>5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNA</p> 	<p>Mål 5. Likestilling mellom kjønn.</p>		<p>Delmål 5.4. Anerkjenne og verdsetje ubetalt omsorgs- og hushaldsarbeid gjennom offentlege tenester, infrastruktur og sosialpolitikk [...]</p>

2.1. Status i Bømlo kommune

Bømlo kommune har per 01.07.2023 12.243 innbyggjarar. Forventa levealder er høgare enn landsnittet, og ligg på om lag 80,8 år for menn og 85 år for kvinner. Kommunen har eit mannsoverskot i alle aldersgrupper med unntak av dei aller eldste. Bømlo har mange barn, 116% i alderen 0-17 år samanlikna med landsnittet, men berre 94% av landsnittet i arbeidsfør alder, og 98% av landsnittet når det gjeld eldre over 80 år. Dette er ei endring frå før 2020, då vi hadde høgare tal eldre enn landsnittet.

Alderspyramiden viser eit overskot av menn i alle aldersgrupper, med unntak av dei aller eldste.



Figur 1: Aldersfordelinga i befolkninga, Bømlo kommune per 01.01.2023 (Kjelde: SSB).


2.2. Endring i folketal over tid og prognose

Fram til i dag har det vore ei jamn auke i folketalet i Norge, og særleg har det vore ei tydeleg auke i folk i arbeidsfør alder. Parallelt med aukande velstand og lengre utdanningsløp har det skjedd ei kraftig auke i levealder, samtidig som fertilitetstalet (gjennomsnittleg tal barn per kvinne) har falt til godt under 2 (1,41 i 2022). Dette gjev fallande barnetal og ei aldrande befolkning. Det er ikkje lenger vekst i den delen av befolkninga som er i yrkesaktiv alder, og heller ikkje i vekst i barnetalet. Heile veksten framover skjer i den eldre delen av befolkninga. Dette gjev seg utslag i kamp om arbeidskraft i alle bransjar. Det utfordrar alle område i samfunnet, men særleg helse- og omsorgssektoren, der auke i oppgåver ikkje kan løysast med fleire tilsette. Samtidig fører den medisinske utviklinga til at fleire lever lengre med komplekse sjukdomstilstandar, og treng oppfølging av høgt kvalifisert personell. Det vil få konsekvensar for kva tenester ein kan forvente framover, og korleis tenestene blir utført. Ein debatt om forventningsavklaring er naudsynt for å sikre berekraftige tenester, og at dei som har størst behov får den hjelpa dei treng. Folk må ta ansvar for eiga helse, og gjere naudsynte tilpassingar i eiga liv, slik at dei blir mest mogleg sjølvhjelpete lengst mogleg. Det vil vere avgjerande for å sikre berekraftige tenester i åra som kjem.


Ein høg grad av utanlandsk innvandring kan til ein viss grad påverke dette biletet. Sjå Kommunedelplan HSO 2023-2033 og Grunnlagsdokument, vedlegg til kommunedelplan HSO: <https://www.bomlo.kommune.no/sok.aspx?mid1=8&soketekst=HSO-plan>

2.3. Befolkningsutvikling Bømlo

Figuren under viser historisk og berekna framtidig utvikling for Bømlo, med ein vekst i aldersgruppa 20-66 år i perioden fram til 2023 frå 5010 personar i 1986 og til 6859. Framskrivinga frå SSB viser deretter ein kraftig nedgang. Talet på born i alderen 0 – 19 år var i same periode tilnærma uendra (frå 3342 til 3343). Denne gruppa får òg ein kraftig nedgang framover. Talet på eldre var fram til 2011 relativt stabil, men frå dette tidspunktet og framover i tid er det denne aldersgruppa som har den største veksten. Talet eldre vert nesten 3- dbla frå 1986 fram til 2048.



Figur 2: Befolkningsutvikling i Bømlo, faktisk utvikling 1986-2023 og berekna utvikling 2023-2048.




Figur 3: Berekna utvikling i forholdet mellom yrkesaktive og pensjonistar 2023-2048

Ser ein nærare på årskulla som i dag er mellom 25 og 40 år så utgjør desse i dag 2123 personar. 01.01.1998 då desse årskulla var i alderen 0-14 år (fødselsåra 1983 -1997) utgjorde dei 2605 personar.


01.01.2003 utgjorde desse årskulla 2683 personar. Trass innvandring så er desse årskulla 20% færre i dag enn då dei var born i 2003. Det tyder at av dei som har flytta ut for å ta utdanning, så har fleirtalet ikkje flytta tilbake.

Ser ein på årskulla frå 40-59 år så viser desse ein netto auke på 32 personar i same periode. I aldersgruppa 60-70 år er det også ein auke på 8 personar.

Det er ei utfordring for kommunen å legge til rette for at ein høgare del av ungdomskulla busett seg i kommunen.




Figur 4: Prognose endring i eldrepopulasjonen i Bømlo kommune 2023-2048 (Kjelde SSB).




Figur 5: Prognose endring i barn/unge i Bømlo kommune 2023-2048 (Kjelde SSB).

2.4. Migrasjon; arbeidsinnvandring og flyktningar

Veksten i innvandrarbefolkninga fram til 2015 var i hovudsak arbeidsinnvandring. Sidan 2015 har veks- ten i hovudsak vore grunna flyktningar frå Syria, Eritrea og no Ukraina.




Figur 6: Historisk endring i samansetting av befolkningsgrupper i Bømlo 2010-2023.




Figur 7: Endring i befolkningsamansetting 2011-2023, Bømlo kommune (Kjelde: SSB).

Kommunen hadde per 01.01.2023 ein innvandrandel på 12,1 prosent (innvandrarak og barn av innvandrarak). Ukraina utgjer den klart største innflyttargruppa siste året, og talet er i stadig endring.

Innvandrarak som gruppe har ein lågare gjennomsnittsalder enn den etnisk norske delen av befolkninga. Samla sett er ca. 20 prosent av barn i barnehage og 10 prosent av elevar i grunnskulen minoritetsspråklege, men med stor variasjon mellom dei ulike einingane.



Figur 8: Utvikling utanlandsk innflytting til Bømlo 2010-2023.



Figur 9: Status for dei største innvandrargruppene i Bømlo per 01.01.2023.

Innvandrarane til Bømlo består i hovudsak av 3 grupperingar: Arbeidsinnvandrarar frå land som Litauen, Polen, Latvia, Romania og Tyskland, flyktningar frå land som Afghanistan, Eritrea, Syria og Ukraina, og innvandrar (i hovudsak kvinner) som har gifta seg med Bømlingar (i hovudsak frå Thailand og Filippinene).

2.5. Oppsummering demografi

Demografi	Styrker/ressursar	Status/årsaker	Moglege konsekvensar
Nedgang i talet på personar i arbeidsaktiv alder	<p>Livskraftig samfunn med framleis vekst og framtidstru tross nasjonale trendar</p> <p>Frivilligheit</p> <p>Låg arbeidsløyse</p> <p>Større del yngre, ressurssterke pensjonistar</p> <p>Reservearbeidskraft gjennom deltidstilsette og arbeidsføre pensjonistar</p> <p>Ein vesentleg del flyttar heim igjen når dei får barn</p>	<p>Låge fødselstal</p> <p>Innvandrings-restriksjonar</p> <p>Heile Europa og store deler av verda i same situasjon.</p>	<p>Mangel på fagkompetanse</p> <p>Kamp om arbeidstakarar</p> <p>Løns- og prisdrivande</p> <p>Færre tenesteytarar</p>
Fleire hjelpetrequende og færre barn og unge	<p>Livslaupsstandard for nye bustadar</p> <p>Bustadtilpassing</p> <p>Frivilligheit</p> <p>Aktivitetstilbod</p>	<p>Nye behandlingsmetodar</p> <p>Høg levealder, fleire «eldste eldre»</p> <p>Auke i livsstils-sjukdomar</p>	<p>Større ansvar for eiga helse</p> <p>Statlege overføringar blir gitt etter demografisk samansetting- færre barn</p>


Demografi	Styrker/ressursar	Status/årsaker	Moglege konsekvensar
	Teknologiutvikling Rehabiliteringskompetanse Inkluderande nærmiljø Pårønderressurs	Unge/vaksne som fell utanfor pga. psykiske lidingar eller rus	og unge gir lågare ramme til oppvekst Tilpassing til demografisk endring gjennom arealplan og bustadplan Høgare terskel for kommunale tenester Endring i tenestetilbod Bortfall av tenester grunna mangel på fagpersonell
Innvandring som årsak til vekst i folketalet	Mangfald Arbeidskraft Oppretthalde busetnad og folketal Fagkompetanse	Låge fødselstal for norske kvinner Lang utdanning, høg alder for førstegongsfødande Aukande problem med barnløyse Krig, uro og fattigdom som årsak til flyktningstraumar Tilgang til velferdsgode	Kan kompensere noko for manglande arbeidskraft Ressurskrevjande, særleg i starten, både m.o.t. personell og økonomi Behov for målretta integrering/inkludering Meir ustabil gruppe m.o.t. flytting

2.6. Samfunnsøkonomiske vurderingar

Dei demografiske endringane med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder fører til ein nedgang i skatteinntekter og ein markant auke i pensjonsutbetalingar. Statistisk har i dag tre av fire over 85 år behov for kommunal omsorgsteneste, 20% på institusjon¹. Fleire får hjelp i små kommunar enn i meir sentrale kommunar.

Folkehelseinstituttet har, i samarbeid med amerikanske forskarar, berekna dei totale kostnadane for helsevesenet knytt til alder. Tidlegare berekingar har vore knytt til spesialisthelsetenesta, men ved å inkludere kostnadar til sjukeheim og heimesjukepleie ser vi ein kraftig auke i utgifter ved aukande alder. Den største aldersrelaterte auken er knytt til kommunale kostnadar, og er dominert av demens, fall og slag.

¹ <https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/vesentlig-mer-bruk-av-omsorgstjenester-ved-passerte-85-ar>



Figur 10: Gjennomsnittleg helsekostnad i relasjon til alder. Copyright/Kjelde: FHI

Uavhengig av kva tiltak vi set i verk, vil det bli ei kraftig auke i behovet for helse- og omsorgstenester framover. Dette må møtast med tiltak som gjer at auken blir så liten som mogleg. Det er allereie mangel på fagpersonell, og det vil bli verre framover. Målsettinga må vere:

- Flest mogleg skal klare seg sjølv lengst mogleg
- Flest mogleg skal stå lengst mogleg i arbeid
- Færrast mogleg skal stå utanfor arbeidslivet
- Utvikle og ta i bruk hjelpemiddel/teknologi som avlastar eller ikkje krev personellressurs
- Kvalifisere og integrere innvandrarar i lokalt arbeidsliv
- Førebygge hjelpebehov så langt det er mogleg
- Rett prioritering, og velje bort det som ikkje gjev helsegevinst

2.7 Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 2

[Kommunedelplan for Helse, Sosial og Omsorg \(HSO\)](#)

3. Tema: Bustadstruktur og geografi



Mål 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn: Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.



Delmål 11.1. Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris.



Delmål 11.7. Innan 2030 sørgje for at alle, særleg kvinner og barn, eldre og personar med nedsett funksjonsevne, har tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom.

Bustadpolitikk er viktig for å nå sosiale mål som utjamning av sosiale skilnader og inkludering. Det blir forventa at kommunen har nok og varierte bustadar. Ein god bustadpolitikk kan redusere behovet for kommunale omsorgsbustadar og institusjonsplassar.

Bømlo har mange bustadar på marknaden, men vi har liten informasjon om desse er attraktive eller held moderne standard for tilflyttarar. Bustad er ein sentral del av «det aldersvenlege samfunnet», i tydinga «alle aldrar». Framover blir det nødvendig at fleire eksisterande bustadar i kommunen blir meir egna for eldre å bu i lenger, og det bør vere fokus på livslaupstandard ved bygging av nye bustadar.

Dei seinare åra har prisene på nye bustadar auka kraftig, grunna sterkt aukande byggekostnader, mens eldre einebustadar held seg låg i pris. Mange vil ikkje ha økonomi til å kjøpe seg ein lettstelt leilegheit når dei blir eldre, fordi sal av eit gamalt hus ikkje dekker marknadsprisen for ny bustad.

Eit internt oversyn over bustadar frå 2021 gjev informasjon om fordeling av bustadar på grendene, byggeaktivitet og bustadtype, men ikkje attraktivitet/bukvalitet (t.d. alder på bustad, attraktivitet for etablerarar, livslaupstandard), nærmiljøkvalitetar og liknande. Eit slikt kunnskapsgrunnlag burde vi hatt, i form av ein meir omfattande *bumiljøanalyse*. Bustadoversynet, eventuelt ein bumiljøanalyse, bør blir følgt opp med ein politisk *bustadstrategi*, drøfta i samband med ny planstrategi. Dersom vi skal sikre gode nok bustadar for alle befolkningsgrupper i framtida, er det naudsynt med meir politisk styring av utviklinga.

3.1. Folkevandring og flytting

Bømlo har gjennom mange år hatt ei netto innanlands utflytting (med få unnatak), og ei netto utanlands innflytting, som i sum har gitt ei folketalsauke. Fleirtalet av innflyttarane har vore arbeidsinnvandrarar. Dei store nasjonale trendane er at folk flyttar frå periferi til sentrum; frå utkantstrok til bygdesentrum, frå bygd til by, og frå vestlandet til sentrale austlandet.

3.1.1. Flyttemotiv

LÉVA Urban Design har, i samarbeid med Bømlo næringsråd, eit pågåande prosjekt, «Tilflyttarstrategi for Bømlo» (sjå punkt 3.5), og har mellom anna sett på forskning om kvifor folk flyttar. Den viktigaste faktoren har tradisjonelt vore arbeid, særleg når det er høg arbeidsløyse. Når det er lett å få arbeid, får andre faktorar auka påverknad, som at arbeidet møter den einskilde sin kompetanse og interesse, og tilgang på ein attraktiv bustad. Dersom dette er på plass, vil òg faktorar som omdømme, kultur og sosiale forhold spele inn, i form at ønske om «eit godt liv». Kva det er, vil variere med livssituasjon og alder.


Sentrale kommunar vil gjerne ha eit meir variert arbeidsliv, og det er meir lønsamt å etablere verksemdar der kundegrundlaget er størst. I distriktkommunar representerer offentlege tenester ein stor del av

arbeidsmarknaden. Ved flytting til distriktet er det ofte to som skal finne seg relevant arbeid, noko som kan vere til hinder for rekruttering. Eit samarbeid på tvers av ulike aktørar kan bidra til å synleggjere det samla kompetansebehovet og mogleik for karriere, og dermed fremje rekruttering.

Bustad og arbeid heng saman, fordi lang arbeidsreise kostar tid og pengar. «Det gode liv» for barnefamiljar er gjerne ein einestad med nærleik til natur, trygge og barnevenlege omgivnader, og med andre i same livssituasjon i nabolaget. Samtidig ønsker dei nærleik til barnehage og skule. Eldre ønsker i aukande grad ei lettstelt leigebustad, gjerne i nærleik av eit sentrum med sørvis- og kulturtilbod, for å sleppe vedlikehald og hagestell. Arbeidsinnvandrarar vil ofte etterspørje leigebustad i første omgang. For dei fleste tilflyttarar er det å kunne etablere sosiale relasjonar i nabolaget viktig for trivsel og ønskje om å bli verande. Det gjeld òg dei som har flytta ut og har etablert seg med barn i andre kommunar.


Barnefamiljar som har slått rot ein annan stad flyttar i langt mindre grad enn andre unge under 35 år. Unge i etableringsfasen, single og par utan barn har gjerne andre bustadønske enn barnefamiljar og eldre.

3.1.2. Lokale tal 2015-2022



Figur 11 og 12: Aldersfordeling for innflytta personar til Bømlo i perioden heile 2022 og første kvartal 2023.

2022-23 har vore annleis år grunna krigen i Ukraina. Det kan likevel vere av interesse å sjå på kven som har flytta hit siste året. For innflyttarar med norsk bakgrunn kjem hovuddelen frå Sunnhordland og andre nærliggande regionar. Det er noko fleire i aldersgruppa 60+ blant dei med norsk bakgrunn.



Figur 13: Netto innanlands flytting i perioden 2015-2022, Bømlo kommune.

Figuren over viser aldersfordelinga på innanlands tilflytting i perioden 2015 -2022. I denne perioden har det vore ein nedgang i netto tilflytting på 317 personar. Det er ungdommane i alderen 18-29 år som flyttar frå kommunen (grått felt), og det er eit mindretal som flyttar tilbake (gult felt). Det har i perioden flytta inn barnefamiljar særleg i pandemiåra 2020-2021 med 59 av 122 born.

3.2. Endring av busetnad i skulekrinsane

Historisk utvikling av folketal i dei ulike skulekrinsane har vore ulikt mellom ulike deler av kommunen. Tilgang til skuleplass i nærområdet vil vere viktig for barnefamiljar som ønskjer å slå seg ned, og mangel på skuleplass kan vere til hinder for utbygging. I grunnlagsdokumentet for skulebruksplanen har ein lagt prognosar utarbeidd av Norconsult til grunn, sjå tabell under. Prognosen er basert på endring i bustadstruktur i åra 2017-2020, då folketalsveksten i stor grad skuldast utanlands innflytting. I tabellen er denne utviklinga vidareført dei neste 15 åra. Med omsyn til at fertilitetstalet i Norge er på historisk lågt nivå med 1,4 barn per kvinne, og med ein aldrande befolkning, er ei slik utvikling lite realistisk, og vil vere avhengig av ein vesentleg grad av utanlandsk innvandring. Det gjeld sjølv om ein god del unge bømliingar flyttar heim igjen etter avslutta utdanning utanfor kommunen.


3.2.1. Historiske og nye bustadeiningar som det er tatt høgde for i prognoseutrekningane

Skulekrinsar	Ferdigstilte bustader					Anslag for forventa nye bustader																Totalt 2021-2036	Snitt 2021-2035	
	2017	2018	2019	2020	Snitt 2017-2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036			
Foldrøy	0	3	0	1	1,0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	16	1,0
Gilje	6	2	1	1	2,5	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	2	32	2,0
Hillestveit	1	0	2	1	1,0	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1	16	1,0
Meling	13	17	7	2	9,8	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	160	10,0
Moster	11	20	5	8	11,0	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	10	160	10,0
Rubbestadneset	7	7	8	7	7,3	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	7	112	7,0
Svortland	35	22	33	9	24,8	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	25	400	25,0
Våge	3	2	6	4	3,8	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	4	64	4,0
Sum pr. år	76	73	62	33	61,0	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	60	960	60,0


Figur 14: Estimert nytta i grunnlagsdokument for skulebruksplanen.

Tala i tabellen er basert på ei vidareføring av bustadbygginga dei siste 4 åra. Kommunen har godkjent at desse tala kan nyttast som grunnlag for prognosen.

3.2.2. Aldersfordeling i skulekretsane



Figur 15: Folketal per aldersgruppe i grunnkretsane, skulealder, tal frå SSB.



Figur 16: Folketal per aldersgruppe i grunnkretsane, barnehagealder, tal frå SSB.

I SSB si framskrivinga av folketalet er det spådd ein nedgang i barnetalet i grunnskulealder på nær 20% i løpet av dei næraste åra. Tabellen under viser elevtal som går ut av grunnskulen og venta tal barn som startar i grunnskule dei neste 5 åra. (tala er henta frå SSB folketal per alderskull 01.01.2023)

	2023	2024	2025	2026	2027
Ut av skulen	-199	-171	-198	-178	-163
Kull inn i skulen	142	132	143	138	126
Endring	-57	-39	-55	-40	-37

Figur 17: Tabell over forventa endring i elevtal, 2023-2027.

3.3. Fordeling bustadtypar

Bømlo kommune har ein overvekt av einebustadar, med 4765 registrerte einebustadar i 2023, mot 99 leilegheiter. I tillegg kjem ein god del rekkehus og tomannsbustadar. Signifikant færre bur trongt i Bømlo enn i landet elles, men det har vore ei lita auke dei siste åra. I 2022 var det til saman 4952 hushald i Bømlo. Av desse var 4190 sjølveigarar, 112 andels- eller aksjebustad og 650 budde i leigd bustad.

Bømlo har god tilgang på kommunale bustadar for dei med særskilt behov. På landsbasis blei t.d. 79 prosent av søknadene om kommunal bustad innfridd i 2022, mens i Bømlo blei 100 prosent av søknadene innvilga. Dei overordna måla for det bustadsosiale arbeidet er skissert i Kommunedelplan HSO. I tillegg skal det utarbeidast ein eigen temaplan med handlingsdel på området bustadsosialt arbeid. Sjå lenke under for meir informasjon om den bustadsosiale situasjonen i Bømlo:

<https://boligsosial-monitor.husbanken.no/region/4613/Boemlo>

3.4. Mobilitet og trafikktryggleik



Berekraftsmål 11.2.: Innen 2030 sørge for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

God mobilitet er viktig for tryggleik og tilgang til tilbod, og knyt kommunen tettare saman. Betre vegar er eitt verkemiddel for betre mobilitet, saman med kollektivtilbod og tilrettelegging for å gå og sykle. Sykkelvegnettet er svært bra i aksen mellom Svortland – Leirvik, og langs nokre av strekka langs fylkesvegnettet som har blitt utbetra som ein del av Bømlopakken. Langs store delar av skulerutene manglar det trygge og fråskilde gang- og sykkelvegar.

Bømlo kommune har både fylkeskommunale og kommunale vegar.

Bømlopakken inneber oppgradering og nybygging av store delar av fylkesvegnettet i Bømlo kommune². Utbygginga starta opp i 2008. Det står att å fullføre følgjande strekningar:

- Fv. 541 Hestaneset - Sakseid - Ekornsæter
- Fv. 542 Notland - Mosterhamn

² <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/fylkesvegprosjekt-i-vestland2/bomlopakken/>

- Fv. 5000 Totlandsvegen – Grindheimsvegen (reserveprosjekt)
- Fv. 5002 Laurhammerkjosen – Olakjosen (reserveprosjekt)
- Fv. 4996 Grønnevik - Sakseid (reserveprosjekt)


Det har vore få trafikkulukker dei seinare åra, men det er bekymring knytt til endra haldningar til trafikk og fart blant unge, med fleire tilfelle av råkøyring. Betre vegar gir høgare fart, og høg fart aukar risikoen for alvorlege ulukker. Bømlo er sertifisert som trafikksikker kommune, og vidare målretta innsats for trafikktryggleik er viktig. I trafikksikringsplanen (2020-2024) er det både fysiske tiltak, haldningsskapande tiltak og organisatoriske tiltak. Planen er under revisjon.

Kollektivtilbodet er ikkje tilfredsstillande for store deler av kommunen. Det gjer at dei som ikkje disponerer bil vanskeleg kan ta del i fritidstilbod, eller er avhengige av hjelp frå andre. Det gjeld særleg ungdom og dei med sjukdomstilstandar som hindrar bilkøyring (mellom anna ein del eldre), men òg dei med dårleg økonomi og ein del flyktningfamiliar. Med ein aldrande befolkning blir det viktig å legge til rette for bilfri tilgang frå bustad til treffstadar, nærbutikk og andre naudsynte tilbod, for å hindre einsemnd og sosial isolasjon.

Tilrettelegging for å kunne gå og sykle er viktig for å auka kvardagsaktiviteten, betre helse og fremje deltaking. I fagnotat for skuleveggar og snarveggar definerer ein omgrep, prosessar og status knytt til skuleveggar og snarveggar i Bømlo kommune.

I mai 2023 var det totalt 671 elevar i Bømlo med rett på gratis skuleskyss. Dette er 39 % av samla mengd elevar i grunnskulen. 25 % av elevane hadde rett på gratis skuleskyss på grunn av avstand, båttransport, funksjonshemming eller midlertidig skade eller sjukdom (fylkeskommunalt ansvar), medan 14 % av elevane hadde rett på gratis skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg (kommunalt ansvar)³.

Elevar med rett på gratis skuleskyss i Bømlo. Fylkeskommunen har ansvar for elevar med rett til skuleskyss grunna lang skuleveg, båttransport og funksjonshemming og midlertidig skade/sjukdom. Kommunen har ansvar ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg (kjelde: Fakturagrunnlag frå skyss mai 2023).



Kommunen har ansvar ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg (kjelde: Fakturagrunnlag frå skyss mai 2023).

Figur 18: Elevar med rett på gratis skuleskyss, fordelt på skulekrinsane i Bømlo.

Våge skule har høgast del elevar med rett på skuleskyss, heile 73 av 76 elevar har rett på skuleskyss og av desse er særleg

³ Jf. Fakturagrunnlag frå Skyss i mai 2023

farleg eller vanskeleg skuleveg årsaka for 50 av elevane. Gilje skule skil seg også ut ved at 31 % av elevane har rett på skuleskyss på grunn av særleg farleg/vanskeleg skuleveg. Også ved Moster skule er delen elevar med rett på gratis skuleskyss grunna særleg farleg/vanskeleg skuleveg høg. Ved Bremnes ungdomsskule har ein høg del av elevane rett på skuleskyss på grunn av avstand til skulen, og også Svortland skule har relativt mange elevar med lang avstand til skulen.

Snarvegar, barnetråkk, stigar og turvegar er ulike omgrep for ferdselsåre som kan vere aktuelle å nytte for å gå eller sykle til skulen, men som i varierende grad kan definerast som skuleveg. Snarvegane kan vere alt frå universelt utforma turløyper med lys, til smale stigar. Den kan dermed vere mykje brukt og opplevast som nyttig, men ikkje vere definert som skuleveg i det heile, eller ein veg utan lys eller brøyting kan vere definert som skuleveg berre delar av året. I arbeidet med detaljreguleringsplanar og andre planarbeid er det viktig å skilja mellom kva som er rekna som offisiell skuleveg og snarvegar, slik at ein ikkje får utilsikta kostnader til skuleskyss.

3.5. Spørjeundersøking tilflyttarstrategien

LÉVA Urban Design har på oppdrag frå Bømlo næringsråd gjennomført ein omfattande spørjeundersøking om kva folk meiner er viktig for å bu og trivast på Bømlo. Undersøkinga omfattar folk som er fødd og oppvaksen på Bømlo, innflyttarar, hyttefolk, pendlarar og andre med tilknytning til Bømlo.

Dei fleste av dei spurde bur på Bømlo, og dei fleste bur der dei vaks opp. For dei som har flytta frå heimbygda er viktigaste grunnen at partner/ektefelle er frå ein anna bygd. Andre grunner til intern flytting er at dei ikkje fekk ønska bustad/tomt på heimstaden, ønskte å bu meir sentralt, nærare jobb, økonomiske grunnar eller enklare tilgang til transport.

Når dei spør om kva folk legg vekt på ved val av bustad/nærmiljø, er samla svar følgjande:

1. Gode og trygge oppvekstmiljø (59%)
2. Gode utsiktsforhold/ vakker natur (58%)
3. Godt naboskap/sosialt miljø/vener (57%)
4. Nærleik til arbeid (53%)
5. Gode fritidstilbod for born og ungdom (50%)
6. Urbane kvalitetar som kaféar, uteliv, handel, andre opplevingar (49%)
7. Gode skular og barnehagar (47%)
8. Gode uterom og omgivnader (47%)
9. Nærleik til sørvisfunksjonar (lege, butikk osv.) (46%)
10. Nærleik til familie (43%)
11. Gode sosiale møteplassar (40%)
12. Tilgjenge med offentleg transport (39%)
13. Gode fritidstilbod for vaksne (38%)
14. Gode kulturtilbod (32%)
15. Gang- og sykkelvegar (30%)

Noko du ikkje er nøgd med der du bur?

1. Offentleg transport (51%)
2. Urbane kvalitetar som kafé, uteliv, handel og andre opplevingar (42%)

3. Gang- og sykkelveggar (37%)
4. Sosiale møteplassar (36%)
5. Fritidstilbod til barn og ungdom (25%)
6. Fritidstilbod for vaksne (22%)

Om ein ser på ulike delsentra er det skilnader i kva dei er minst nøgd med:

- Bremnes: Urbane kvalitetar (46%), offentleg transport (41%), sosiale møteplassar (36%)
- Finnås: Gang- og sykkelveggar (80%), offentleg transport (64%)
- Espevær: Offentleg transport (83%)
- Langevåg: Offentleg transport (68%), fritidstilbod barn og unge (51%), fritidstilbod for vaksne (37%)
- Moster: Offentleg transport (66%), urbane kvalitetar (61%), sosiale møteplassar (49%), gang- og sykkelveggar (45%), fritidstilbod born og unge (38%), fritidstilbod vaksne (37%)
- Rubbestadneset: Offentleg transport (49%), urbane kvalitetar (43%), sosiale møteplassar (33%)

Urbane kvalitetar blir òg vekta noko høgare av dei som ikkje er vakse opp på Bømlo. Mange bømlingar drøymmer om eit hus ved sjøen. «Drøymetomtane» ligg spreidd over heile kommunen, men dei fleste ønsker seg tomt/bustad knytt til lokalsenteret der dei bur eller høyrer til.

3.6. Oppsummering bustadstruktur og geografi

Bustadstruktur og geografi	Styrker/ressursar	Status /årsaker	Moglege konsekvensar
Sentralisering vs. desentralisering i liten grad drøfta systematisk	Engasjerte lokalsamfunn Aktive grendautval Meir mobile innbyggjarar- flyttar til tilpassa bustad v/ behov Gode nærmiljø- kjensle av tilhøyrse Lokale initiativ og prosjekt Einskilde utbyggjarar som vektlegg livslaupstandard og bumiljøkvalitetar	Identitet knytt til grenda Manglande heilskapleg oversikt Manglande langsiktig og heilskapleg strategi Fragmentert ansvar for infrastruktur Vanskeleg debattklima	Tilfeldig utbygging Bustadstruktur ikkje tilpassa befolkninga sine behov Kapasitet nærskule/-barnehage ikkje tilpassa lokalsamfunnet Manglande skule-/barnehageplass kan påverke attraktivitet Bustadstruktur påverkar transportbehov Manglande trygg tilkomst til skular og aktivitetar Kapasitetsutfordringar i heimebaserte tenester Einsemd og auka hjelpebehov

Bustadstruktur og geografi	Styrker/ressursar	Status /årsaker	Moglege konsekvensar
			Auka risiko for brannspreiing i tettbygd strok Fleire fråflytta hus som ingen vil bu i Marknadspris for nybygg hinder for «det aldersvenlege samfunn»
Mobilitetsutfordringar	Mogleg å vektlegge mobilitet i større grad i arealplanlegging og i planar som gjeld oppvekst, skule og levekår Tilgjengeleg areal for bygging av gang- og sykkelveggar som ikkje treng å følge bilveg.	Utilstrekkeleg eller manglande kollektivtilbod i deler av kommunen Manglande gang- og sykkelveggar Spreidd busetnad Utbygging i avstand frå sentrale sørvisfunksjonar Lite gå-venleg sentrum	Avhengig av bil Barriere mot deltaking Redusert kvardagsaktivitet Større risiko for einsemd Auka hjelpebehov ved funksjonssvikt Mindre effektiv drift av heimetenester Lite universell utforming
Aldersutvikling i ulike krinsar		Bustadbygging skjer sentralt, utbyggerstyrt ut frå lønsemd.	Fulle barnehagar og skular kan hemme tilflytting Mangel på barn kan føre til nedlegging av barnehage/skule

3.7. Samfunnsøkonomiske vurderingar

Framtida for Bømlo er avhengig av at folk synast at det er ei attraktiv stad å bu og arbeide. Kva som er attraktivt varierer frå individ til individ, og mellom folk i ulike livsfasar. For barnefamiljar vil gjerne nærleik til skule, barnehage og fritidsaktivitetar vege tungt. Andre vektar stille og nærleik til natur høgt. Mange peikar på mobilitetsutfordringar som manglande kollektivtilbod. Ein stor del av befolkninga køyrer ikkje bil, og Bømlo er ikkje godt tilrettelagt for dei. Bømlo treng fleire innflyttarar om næringslivet og kommunen skal ha tilgang på arbeidskraft, og må opplevast attraktiv.

Ei berekraftig utvikling er avhengig av at flest mogleg av innbyggjarane klarer seg sjølve utan hjelp frå kommunale helse- og omsorgstenester, som vil få sterk auke i oppgåvene framover. For dei som treng hjelp, må det skje mest mogleg effektivt. Det blir naudsynt å sjå på tidsbruk for ulike tenester knytt opp mot helsegevinst, for å sikre hjelp til dei som treng det mest. Stor spreieing av hjelpetrengande vil gi ei mindre effektiv teneste, med meir tid brukt til transport, og mindre tid til å yte helsehjelp. Mange av tenestene krev høg grad av kompetanse, og kan ikkje desentraliserast grunna mangel på tilstrekkeleg fagpersonell.

God tilrettelegging med universelt utforma gangvegar som gjev tilgang til viktige sørvisfunksjonar for personar med nedsett funksjonsevne, vil på den andre sida redusere behovet for hjelpetenester. Meir bruk av teknologiske løysingar kan avlaste tenestene og auke tryggleik hos brukarar.

Integrering av innvandrarar er viktig for å halde oppe folketalet. Av dei som kjem til Bømlo er det mange som flyttar igjen etter nokre år. Ved å investere i dei som kjem, gjennom integrering i arbeidslivet og i sosiale fellesskap, vil dei kunne bli viktige bidragsytarar til Bømlo-samfunnet framover.

Utforming av ein heilskapleg bustadpolitikk som tek omsyn til ulike preferansar og ulike behov i ulike fasar av livet, sett i samanheng med demografisk utvikling og ressursbruk, vil vere eit viktig bidrag til meir berekraftige kommunale tenester. Det vil òg bidra til å gjere kommunen meir attraktiv.

3.8. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 3

Temaplan: Handlingsdel for bustadsosialt arbeid (påbegynt)

[Rapport bustadoversyn Bømlo kommune 2021](#)

Trafikksikringsplan (under revisjon, forventa ferdig 2024)

4. Tema: Helsetilstand og levevanar



Mål 3. God helse og livskvalitet: Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.



Mål 10. Mindre ulikskap: Redusere ulikskap i og mellom land.




Mål 5. Likestilling mellom kjønna: Oppnå likestilling og styrkje stillinga for jenter og kvinner i samfunnet.

4.1. Helsetilstand generelt

Bømlo skil seg ikkje vesentleg frå landet når det gjeld helse, livskvalitet og sjukdom.

Sjukdomsbiletet i Norge er dominert av ikkje-smittsame sjukdomar, og dei som gjev størst tap av leveår er kreftsjukdomar og hjerte-karsjukdom. Sjukdomar som ein ikkje dør av, kan likevel gi vesentleg helse- og redusert livskvalitet. Sjukdomsbyrde kan målast i helsetapsjusterte leveår (Disability-Adjusted Life Years, DALY), og der utgjer muskel-skjelettlidingar, psykiske lidningar og ruslidingar ein vesentleg del. Desse sjukdomsgruppene er hyppige årsaker til uførleik og redusert livskvalitet. Til saman utgjer ikkje-dødeleg helsetap 52 prosent av sjukdomsbyrden målt i helsetapsjusterte leveår.

Det er *i hovudsak* fire faktorar som kvar for seg aukar risikoen for dei fire store sjukdomsgruppene som gjer at folk dør tidleg. Desse fire er: Tobakk, skadeleg bruk av alkohol, fysisk inaktivitet og ugunstig kosthald. Kvar for seg og saman disponerer dei for kreftsjukdomar, hjerte-karsjukdomar, diabetes og KOLS.



Figur 19: Prosentvis del tapte gode leveår, fordelt på dei ti viktigaste sjukdommane i Norge.

4.1. Helse hos barn og unge

Norske barn og unge har i hovudsak god fysisk helse, men mange startar vaksenlivet med risikofaktorar for dårleg helse seinare i livet. Dei viktigaste årsakene er ugunstig kosthald, mangel på fysisk aktivitet, og

for høg førekomst av overvekt og fedme. Mange rapporterer om søvnevanskar. Dei fleste av desse faktorene heng saman, og påverkar òg den psykiske helsa.

Delen av ungdom som rapporterer psykiske plager har auka vesentleg dei siste tiåra, særleg blant jenter. Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk, BUP, opplever aukande tilvisingar, og fleire blir diagnostisert med ei psykisk lidning. Det har nasjonalt vore ei auke i totalbruken av legemiddel for psykiske lidningar blant barn og unge dei siste ti åra. Kvar tredje student rapporterte i 2022 om alvorlege psykiske plager.

Omfanget av psykiske vanskar auka under pandemien, særleg blant dei som hadde det vanskeleg frå før, men det er usikkert om det representerer ei varig endring. Skulane på Bømlo rapporterer ei endring i åtferd, der mellomtrinnet no viser utfordringar ein tidlegare såg på ungdomstrinnet, og med ei auke i stygg språkbruk, krenkingar og vald blant barn og unge.

Folkehelse og livsmeistring er eit relativt nytt tverrfagleg tema i skulen gjennom heile skuleløpet. Livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og påverke faktorar som tyder noko for meistring av eige liv. Aktuelle tema, i høve læreplanverket frå Utdanningsdirektoratet, er fysisk og psykisk helse, levevaner, seksualitet og kjønn, rusmiddel, mediebruk, forbruk og personleg økonomi. I tillegg kjem tema som verdiar og meining i livet, mellommenneskelege relasjonar, egne og andre sine grenser, og handtering av tankar og kjensler. Temaet skal bidra til at elevane handterer medgang og motgang, og personlege og praktiske utfordringar på best mogleg måte.

4.1.1. Ungdata-resultat for Bømlo

Bømlo har gjennomført fire Ungdata-undersøkingar, som gjev ei status over ungdomane si subjektive oppleving i augeblikket, og ein indikasjon på utviklinga over tid. Det kan vere relativt store skilnadar mellom årskulla, og tala må tolkast med varsemd. I siste Ungdata-undersøking i 2021 svarar ungdomane følgjande, samanlikna med snittet i landet og Vestland fylke:

- Færre nøgd med helsa
- Færre har tru på eit lukkeleg liv
- Færre er nøgd med lokalmiljøet, men meir nøgd med tilbod i treffstadar
- Tryggare i lokalmiljøet og vesentleg færre utsette for vald og trugslar
- Færre med i fritidsorganisasjon (endring frå tidlegare)
- Fleire kjenner seg einsam
- Mindre fysisk aktive
- Meir tid på skjerm
- Fleire med søvnproblem
- Fleire som brukar reseptfrie smertestillande legemiddel kvar veke eller oftare
- Markert endring i del som har vore rusa av ungdomskuleevar
- Litt fleire er nøgd med skulen
- På landssnittet i forhold til nøgd med foreldre og del som har ein fortruleg ven
- Færre er nøgd med kollektivtilbodet

Vi veit ikkje kva som ligg bak desse tala. Det er grunn til å sjå nærare på det, i tett samarbeid med dei unge sjølve.

4.1.2. Tannhelse

Tannhelsestatistikk for Bømlo for born og unge har i tidlegare kunnskapsgrunnlag vist at færre barn og unge i Bømlo har tenner som er utan hol (karies-frie) enn landsnittet og snittet for fylket. Det er ein nedgang i talet på barn utan hol i tenna (karies-frie) i 2022 med unntak av hos 18-åringane. Samanlikna med fylket ligg Bømlo ein god del lågare når det gjeld karies-frie 15- og 18-åringar i 2021.


Tannhelsetenesta meldar at ein finn syreskader på tennene hos små barn. Bakteriar i munnen produserer syre av sukker, men også sukkerfrie alternativ kan gi syreskader, t.d. ved småspising eller drikke mellom måltid.

4.1.3. Vektutvikling/overvekt

I Barnevektstudien deltek rundt 127 skular frå heile Norge, med målingar av høgde og vekt. Dei siste tala viser at om lag 17 % av jentene og 13 % av gutane har overvekt⁴. Gjennomsnittleg del med fedme var 2,3 prosent blant gutane og tre prosent blant jenter. Overvekt har samansette årsaker, der både arv og livsstilsfaktorar spelar ei viktig rolle. Når overvekt først er etablert, er det fleire faktorar som forsterkar utviklinga og disponerer for ei rekke helseplagar og auka risiko for sjukdom.

Alle barn og unge i Bømlo får tilbod om individuelle helsekontrollar, der høgde og vekt er ein del av rutinekontrollane for å følge med på utvikling og vekst. Data blir registrert i journalsystemet ved helsestasjonen. Anonymiserte data er henta ut for 2007-, 2014-, og 2018,- kulla.

For gutane ser vi at det både for kull 2007 og kull 2014 er ei auke i del med overvekt, fedme og alvorleg fedme frå fire- til åtteårskontrollen. For kull 2007 auka del med overvekt eller fedme frå sju til tjue prosent. Vi ser også at utviklinga forsterkar seg fram til 13-årskontrollen, der heile 27 % har overvekt eller fedme.




Figur 20: Utvikling i vekt for gutar på kull 2007, 2014 og 2018 i Bømlo (kjelde: uthenting frå journalsystem)

Blant jentene skjer det ei stor endring frå fire-årskontrollen til åtte-årskontrollen både for 2007-kullet og for 2014-kullet. På fire-års-kontrollen for 2007-kullet hadde 11 % overvekt eller alvorleg fedme.

Verdt også å merke seg at heile 15 % på dette kullet hadde ei undervekt av grad 1 på dette tidspunktet. Undervekt grad 1 var redusert til 3 % på åtte-årskontrollen. Del med overvekt eller fedme var derimot

⁴ <https://www.fhi.no/op/studier/barnevektstudien/barnevektstudien-maler-hoyde-vekt-livvidde/>

auka til heile 32 %, fordelt på 27 % med overvekt, fire prosent med fedme og 1 % med alvorleg fedme. Samla sett var delen stabil på 32 % på 13-årskontrollen, men del med fedme/alvorleg fedme hadde då auka frå samla 5 % til 7 %.



Figur 21: Utvikling i vekt for jenter på kull 2007, 2014 og 2018 i Bømlo (kjelde: uthenting frå journal-system)


Det kan vera tilfeldigheiter som gjer at desse kulla har større eller mindre del overvekt, samanlikna med kvarandre og med nasjonale gjennomsnitt, og tala må tolkast med varsemnd. For begge kjønn er det likevel ei klar auke i del overvektige frå fire

til åtte år, som (for 2007-kullet) ser ut til å forsterka seg ytterlegare fram mot 13 år. Det er verdt å merke seg at i datamaterialet er det få som har normalvekt som 13-åring, når dei har hatt overvekt eller fedme som åtte-åring. Dette understøttar det vi allereie kjenner til: Det er krevjande å behandle overvekt og fedme, og det må difor leggjast stor vekt på førebyggjande tiltak. Endringa i grad av overvekt hos 4-årige gutar frå 2014 til 2018 ser ut til tidsmessig å falle saman med ei endring av kosthaldsrutinane i barnehagane.


4.1.4. Psykisk helse

I Bømlo har ungdomsrådet sett psykisk helse og seksuell helse på dagsordenen. Det er større openheit om einsemd og psykiske vanskar. Helsestasjon for ungdom blir mykje brukt av dei unge, og fleire gutar enn før tek kontakt. Det er framleis færre som brukar fastlege og legevakt for psykiske symptom og lidingar, samanlikna med landet, men tala er aukande. Mange får oppfølging i Barne- og Familietenesta (BFT), som har ulike tilbod, og som ikkje krev tilvising frå fastlege. Barne- og familietenesta har i tillegg mange førebyggjande tiltak retta mot barn og unge, og deira føresette.

Grafane under viser bruk av fastlege eller legevakt for psykiske plager hos unge. Sjølv om vi framleis ligg under landssnittet, har det vore ei klar auke i psykiske vanskar, og ei mindre auke der legen har sett ei diagnose på psykisk lidning. Dette kjem i tillegg til dei som nyttar andre kommunale tenester. Auken speglar truleg både ei auke i førekomst, og at terskelen for å kontakte lege er lågare enn tidlegare. Vi manglar tal frå tida etter pandemien.



Figur 22: Brukarar av fastlege eller legevakt (3 års gj.snitt), psykiske symptom og lidingar, alder 0-14 år, per 1000 innbyggjarar, kjelde [Kommunehelsa statistikkbank, FHI](#)



Figur 23: Brukarar av fastlege eller legevakt (3 års gj.snitt), psykiske symptom og lidingar, alder 15-24 år, per 1000 innbyggjarar, kjelde [Kommunehelsa statistikkbank, FHI](#)

4.1.5. Skjermtid

Tida ungdomane bruker på skjermaktivitetar har auka kraftig dei siste 10 åra. I Medietilsynet si undersøking «Barn og medier 2022,» går det fram at 90% av 9-18-åringane i Norge brukar sosiale medium i 2022. 48% av 9-åringane, 56% av 10-åringane og 85% av 11-åringane brukar eitt eller fleire sosiale medium.

Prosentdelen unge som brukar minst tre timar framfor ein skjerm dagleg har gått opp dei siste åra. Utviklinga går fort. I 2021 brukte 74% av ungdomsskuleelevane på Bømlo meir enn tre timar kvar dag framfor ein skjerm. I 2019 var dette talet 64% og i 2016 52%. Det er klart fleire unge på Bømlo som brukar mykje tid på skjermbaserte aktivitetar samanlikna med landssnittet.

Kontakt via skjerm er blitt ein heilt sentral sosial arena for unge, men har samtidig skapt eit press om å vere oppdatert og tilgjengeleg til ei kvar tid. Ein liten del på tre til fem prosent svarte i 2021 at dei opplevde negative hendingar minst kvar 14. dag.


4.2. Supplerande data oppvekst og levekår for ungdom

Fleire data om ungdom, mellom anna frå ungdomsundersøkingar, er samla i **eige vedlegg** bakerst i dette dokumentet.

4.3. Helse hos vaksne og eldre

Sjukdommar og helseplager kan gi redusert livskvalitet for den det gjelder, store kostnader for helse- og omsorgstenestene, og gjer at færre i yrkesaktiv alder er i arbeid. Norge har høg grad av sysselsetting, men òg relativt høgt sjukefråvær. Ein stor del av sjukefråværet er knytt til muskel-skjelettlidingar og psykiske lidningar. Det betyr mellom anna at vi har ein ikkje uvesentleg arbeidskraftreserve dersom vi kan sette inn tiltak før slike plager har oppstått eller blitt kroniske.

Generelt aukar opplevd livskvalitet med aukande alder fram til det tidspunktet der ein får meir dominerande helseplagar og blir avhengig av hjelp frå andre.




Figur 24: Sjølvrapportert livskvalitet i ulike aldersgrupper, nasjonale tal, 2019.

Dei viktigaste faktorane for ei best mogleg helse er å vere sosialt aktiv, og å redusere fysisk inaktivitet. Regelmessig fysisk aktivitet har dokumentert effekt mot psykiske lidningar som depresjon og angst, muskel-skjelettlidingar, kroniske smertetilstandar, diabetes, overvekt, høgt


blodtrykk, demensutvikling med meir. Det er ein sosial gradient i fysisk aktivitet i alle aldersgrupper, dvs jo lågare utdannings- og inntektsnivå, jo lågare fysisk aktivitet. Samanhengen gjeld statistisk for store grupper, og seier ikkje noko om enkeltindivid.

Status for fysisk aktivitet blant vaksne i Norge, basert på aktivitetsmålingar (akselerometer):



Figur 25: Fordeling mellom stillesittjande, lett og moderat-til-hard fysisk aktivitet i den vaksne befolkninga, nasjonale tal, 2020-2022 (Kan 3-rapporten)


Nasjonale tilrådingar er minimum 75-150 minutt hard aktivitet eller 150-300 minutt moderat aktivitet per veka. Dei som er stillesittande i 8 timar eller meir per dag bør følgje den høgaste tilrådinga. Personar over 60 år bør i tillegg trene styrke minimum 2 gonger i veka for å førebygge fall. Derfor er det viktig at treningstilbod til vaksne og eldre inneheld element av styrketrening.




Figur 26: Del av befolkninga som oppnår minste tilrådde aktivitetsnivå, nasjonale tal, 2020-2022.

Aktivitetsnivået blant vaksne er relativt stabilt fram til fylte 65 år, men fell gradvis med aukande alder etter det. Aldersgruppa 80+ har eit aktivitetsnivå som er 43% lågare enn aldersgruppa 20-64 år.

4.4. Legemiddelbruk og bruk av helse- og omsorgstenester



Figur 27: Brukarar av fastlege/legevakt for psykiske symptom og lidingar (3 års gj.snitt) alder 25-44 år per 1000 innbyggjarar), kjelde Kommunehelsa statistikkbank, FHI.



Figur 28: Brukarar av fastlege/legevakt for psykiske symptom og lidingar (3 års gj.snitt) alder 45-74 år per 1000 innbyggjarar), kjelde Kommunehelsa statistikkbank, FHI.

Data frå legetenesta viser ikkje auka forbruk av fastlegetenester eller legevakt for psykiske helseplager hos den vaksne befolkninga, men det manglar tal for tida etter pandemien.

Den kommunale tenesta Psykisk Helse og rus (PHR) har derimot hatt ei jamn auke sidan 2015:


Psykisk Helse og rus (PHR)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
18-30 år	49	57	79	74	81	86	86	89
31-49 år	60	59	76	83	85	89	94	106
50-66 år	22	23	25	35	43	43	48	55

Psykisk Helse og rus (PHR)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
67-74 år	8	3	9	11	9	7	7	9
75- år og eldre	9	12	11	8	10	11	10	9
Sum	148	154	200	211	228	236	245	268

Figur 29: Tabell over brukarar av tenesta Psykisk Helse og rus og (PHR).

Auken kan delvis forklarast ved at legetenesta er meir pressa og at kommunen har bygd ut betre tilbod til personar med psykiske helseutfordringar, slik at fastlegane tilviser til kommunale tenester i større grad enn før. I tillegg er trenden at fleire søker hjelp til å meistre dagleglivets utfordringar.


Den delen av befolkninga som lever med kroniske sjukdomar aukar med aukande alder. Desse vil ha behov for kontakt med fastlege, og i varierende grad for oppfølging av kommunale helse- og omsorgstenester. Behovet for omsorgstenester aukar særleg etter fylte 85 år. Medisinske nyvinningar, ikkje minst innan kreftbehandling, gjer at folk lever lengre med kroniske lidningar og komplekse sjukdomstilstandar. Det utfordrar tenestene både med omsyn til kompetanse og kapasitet, og krev at vi gjer mindre av det som ikkje gir helsegevinst.



Figur 30: Statistisk samanheng mellom alder og behov for omsorgstenester, kjelde SSB.

Norge har verdas høgaste førekomst av brotskadar som skuldast beinskjørheit, ei hending som for den einskilde medfører funksjonstap og auka hjelpebehov, og som har store samfunnsøkonomiske konsekvensar.

Dei aller fleste over 70 år bruker legemiddel fast, og gjerne mot fleire sjukdomar. Mange legemiddel aukar faren for feil eller uheldig legemiddelbruk, og er ei hyppig årsak til sjukehusinnleggingar hos eldre.



Figur 31: Del av den eldre befolkninga som bruker legemiddel mot ulike typar sjukdom/liding, nasjonale tal.

Fastlegeordninga er sentral i den norske helsemodellen, og alle har lovfesta rett til ein fastlege. Fastlegen har eit koordinatoransvar for sine listeinnbyggjarar, og er både «dørøpnar» og «portvakt» inn mot spesialisthelsetenesta, og skal sikre behandling på rett nivå. Delen av befolkninga som står på liste utan fast lege i Bømlo har auka frå 6% i 2020 til 24% per 01.07.2023. For desse er det sett inn vikarar som har midlertidig ansvar for fastlegelista. Det er ingen ledige listeplassar, og mange nyinnflytta får i praksis ikkje eit fastlegetilbod. Situasjonen er lik i mange kommunar, og få nyutdanna leger ønsker fastlegejobb. Det er sett i gang arbeid for å skaffe tilgjengelege lokale for fleire legar, og det blir jobba med rekruttering.


4.5. Levevaner/livsstil

4.5.1. Røyking

Talet på røykarar har gått kraftig ned etter røykelova blei innført. Røyking er framleis ein av dei viktigaste faktorane for sjukdomar som kreft og KOLS, men det har vore ein tydeleg nedgang i tidleg død for røykerelaterte sjukdomar, særleg blant menn. Også av- og til-røykarar har vesentleg auka risiko for sjukdom. Ca 7 prosent røykar dagleg, og ytterlegare 7 prosent av og til. Blant unge i alderen 16-24 år har

delen som røyker av og til steget til 19 prosent blant menn og 13 prosent blant kvinner, og var på det høgaste nivået i 2022 sidan 1973. Ca 15 prosent i alderen 16-74 år snusar dagleg. E-sigarettar/damping er blitt meir populært, og er mindre skadeleg. Samtidig er det like vanedannande, og det er særleg knytt bekymring til at unge jenter som blir nikotinavhengige vil halde fram med nikotinbruk gjennom svangerskapet, til skade for fosteret.

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/tobakk-royk-og-snus/statistikk-om-royking-bruk-av-snus-og-e-sigaretter>




Figur 32: Endring i dagleg-røyking frå Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT), der befolkninga har blitt følgd systematisk over tid. Tala har overføringsverdi til resten av Norge.

4.5.2. Overvekt




Delmål 2.2. Hindre feilernæring, med særleg fokus på rett ernæring til barn, unge jenter, gravide, ammende kvinner og eldre personer.

Talet på overvektige har hatt motsett utvikling, belyst ved HUNT-undersøkingane. Årsakene er komplekse, og etablert overvekt er vanskeleg å behandle. Overvekt aukar risikoen for ei rekke sjukdomar og helseplager. Bømlo har høgare førekomst av overvekt og fedme enn landsnittet, både når det gjeld sjølvrapportert vekt ved sesjon for ungdom, og ved førstegongs kontroll av gravide. Overvekt aukar risikoen for svangerskapskomplikasjonar, og kan påverke helse og sjukdomsrisiko for fosteret.



Figur 33: Utvikling i førekomst av fedme hos vaksne, frå Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT), der befolkninga har blitt følgd systematisk over tid. Tala har overføringsverdi til resten av Norge.



Figur 34: Overvekt, inkl fedme (KMI > 25), kvinner (førstegangsundersøking, gravide), del i prosent. Kjelde Kommunehelse statistikkbank FHI


4.5.3. Alkohol




Delmål 3.5. Styrkje førebygging og behandling av rusmiddelmissbruk, mellom anna misbruk av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.

Drickemønsteret i den norske befolkninga har endra seg med endra levevanar og reiseverksemd. Alkoholbruk aukar risikoen for ei rekke sjukdomar, der dei vanlegaste er hjarte-karsjukdom, ei rekke kreftsjukdomar, leversjukdom, skade på nervesystemet (inkludert demens), og psykiske lidningar som angst, depresjon og søvnvanskar + mykje anna. I tillegg kjem auka fallrisiko og skader/ulukker under påverknad av alkohol, og bruk av vald i rusa tilstand. Det siste gjeld vonleg eit mindretal, men har store konsekvensar for dei som blir råka, og store kostnader for samfunnet. Det er ikkje vist at alkohol har positive helseeffektar. Nye anbefalingar frå nasjonale helsemynde er å ikkje drikke alkohol. Alkoholbruken er eit unntak når det gjeld sosioøkonomiske skiljeliner. Her er bruken meir jamt fordelt uavhengig av utdanningsnivå.


Mens det framleis er dei unge som drikk mykje på ein gang, er det ein markert auke i eldre som nyttar alkohol, særleg blant kvinner. Med den store auken i talet på eldre er det grunn til å vere uroa over den negative effekten det kan ha på folkehelsa, og den økonomiske kostnaden.




Figur 35: Utvikling i bruk av alkohol, menn, etter alder. Nasjonale tal.



Figur 36: Utvikling i bruk av alkohol, kvinner, etter alder. Nasjonale tal.



Figur 37: Endring i drikkemønster etter alder. Nasjonale tal.



Figur 38: Har vore rusa, ungdomsskuleelevar, del i prosent, Ungdata (kjelde Kommunehelse statistikk-bank, FHI).

4.5.4. Illegale rusmiddel

Tal frå Ungdata 2021 viste at 2 prosent av ungdomsskuleelevar og 15% av vidaregåande elevar hadde brukt hasj eller marihuana siste året. Cannabis er det mest nytta illegale rusmiddelet blant unge, og trenden er aukande. Bruk av cannabis gir lågare risiko for akutt alvorleg helseskade enn alkohol, men har ein alvorleg hemmande effekt på hjernen si utvikling, særleg i ungdomstida. Ungdom som nyttar rusmiddel, også cannabis, har høgare risiko enn vaksne for å bli avhengige. Jamleg bruk av cannabis i ungdomsåra vil ha negativ påverknad på læring og evne til å meistre livet, og aukar risikoen for å ty til rusmiddel eller legemiddel for å takle alminnelege opp- og nedturar i livet framover.⁵

⁵ [Hasi er ikke greit | Tidsskrift for Den norske legeforening \(tidsskriftet.no\)](https://tidsskriftet.no)

På Bømlo har bruk av illegale rusmiddel blant ungdom tidlegare vore lite utbreidd, men det har skjedd ei endring den siste tida. Ungdomsrådet har uttrykt bekymring for at også andre illegale rusmiddel er i omloop, men det manglar lokale data om bruk av andre stoff enn cannabis. Vonleg vil ei ny Ungdata-undersøking i 2024 gi meir kunnskap. Det er viktig at kommunen sitt førebyggjande arbeid er kunnskapsbasert, som til dømes faktabasert informasjon om ulike formar for rusbruk og rusmidlar.

4.5.5. Søvn

Delen av befolkninga som har søvnevanskar av ulike slag har auka sidan år 2000, og førekjem i alle aldersgrupper, frå spedbarn til gamle. Helsetenestene i kommunen rapporterer om mange som ber om hjelp grunna søvnevanskar. Ungdom søv i snitt 6,5 timar på kvardagar, to timar mindre enn tilrådd. I Ungdataundersøkinga i 2021 rapporterer ein tredel av unge på Bømlo at dei har søvnevanskar. Søvn har ein viktig funksjon med å reinse hjernen for «avfall», og å sikre lagring av læring i langtidsminnet. Mangel på søvn gir både fysiske og psykiske helseplager. Søvnmangel og kort søvnlengde er vist å auke risikoen for:

- psykiske vanskar
- sjølvskading
- rus- og alkoholproblem
- overvekt
- høgt skulefråvær
- dårlege skuleprestasjonar

Søvnvanskar i ulike aldersgrupper har, som dei fleste andre helseproblem, ein sosial gradient.

4.5.6. Seksuell helse og tryggleik

Seksuelle overgrep og vald er eit stort samfunnsproblem, der kvinner er særleg utsett. Fleirtalet av ungdom har heldigvis ikkje opplevd vald, og Bømlo har få melde brotsverk samanlikna med landssnittet. Nasjonale spørjeundersøkingar viser at seksuelle krenkingar frå jamaldrande er vanleg for begge kjønn, og 9% av jenter og 2% av gutar ga opp at dei hadde vore utsett for valdtekt før fylte 18 år (2016-tal). Det er frå fleire hald rapportert ei bekymring knytt til auke i stygg språkbruk, krenkingar og bruk av vald blant barn og unge. Dei som har opplevd vald eller overgrep i barndommen har ei klart auka risiko for å bli utsett for vald og overgrep i vaksen alder.

4.6. Komplekse samfunnsrelaterte folkehelseproblem




Mål 10. Mindre ulikskap.

Nokre av dei utviklingstrendane som vi ser for helsetilstanden i befolkninga har komplekse, samansette og ofte uklare årsaker. Felles for disse er at endringar i samfunnet spelar ei viktig rolle for utviklinga, og at ansvaret for løysing ikkje kan leggest på enkeltindivid aleine. Typiske døme er auken i helseskadeleg overvekt i alle aldersgrupper, den store og aukande delen av barn og unge som rapporterer om dårleg psykisk helse, og auken i søvnproblem. Helsevesenet merkar allereie store kapasitetsutfordringar knytt

til forventninga om profesjonell individuell hjelp til alle som har helseutfordringar. Om utviklinga held fram som i dag, vil kapasiteten i tenestene vere sprengt innan kort tid, og dei samfunnsmessige kostnadane ved redusert helse i store deler av befolkninga kan bli svært høge.

Samfunnsrelaterte helseproblem må møtast med samfunnsmessige universelle tiltak. Tradisjonelt har ein lagt vekt på å formidle kunnskap om helsefremjande livsstil, og på den måten prøvd å få folk til å endre åtferd. Forsking viser at ein stor del av befolkninga ikkje tek til seg kunnskap på den måten. Derimot vil ein endring i åtferd gjennom strukturelle tiltak i neste omgang kunne endre haldningar, og føre til ein meir helsefremjande livsstil. Levevanar blir oftast etablert tidleg i livet, og slike tiltak bør særleg rettast mot barn og unge. Ved å sette i verk førebyggjande eller avbøtande tiltak overfor heile befolkninga, vil alle ha ein nytteverdi av tiltaket, men dei som har dårlegast utgangspunkt vil ha størst effekt. Dette kan illustrerast slik:



Figur 39: Illustrasjon av effekt av universelle tiltak i forhold til risikoprofil i utgangspunktet; effekten er størst for dei med høgst risiko. Kjelde: UCI, Institute of Health Equity og NTNU WellFare, 2023

Tiltak må setjast i verk på arenaer der alle tek del, og barrierar for deltaking må bli identifisert og forsøkt redusert

eller fjerna. Det er naudsynt både med nasjonale og lokale tiltak. Teknisk planlegging av areal og infrastruktur må i større grad enn no sjåast i samheng med sosial utvikling (levkår, helse, oppvekst).

4.7. Oppsummering helsetilstand og levevanar

Helsetilstand og levevanar-undertema	Styrker/ressursar/faktorar som vernar	Status/ årsaker	Moglege konsekvensar
Fysisk inaktivitet	<p>Mange treningstilbod i regi av frivillige og idrettslag</p> <p>God oversikt over tilbod i kommunen - www.aktivitetforalle.no</p> <p>Idrettsanlegg</p> <p>Treningscenter</p> <p>Tilrettelagde og merka turløyper</p>	<p>Stillesittande arbeid</p> <p>Auka skjermbruk</p> <p>Farlege skulevegar</p> <p>Mangel på gang- og sykkelvegar</p> <p>Færre som oppnår tilrådd aktivitetsnivå etter skulestart</p>	<p>Livsstilssjukdomar som fedme, diabetes muskel-/leddsmerter</p> <p>Dårlegare psykisk helse</p> <p>Fallrisiko hos eldre</p> <p>Auka sjukefråvær og arbeidsuførleik</p>


Helsetilstand og levevanar-undertema	Styrker/ressursar/faktorar som vernar	Status/ årsaker	Moglege konsekvensar
	Dugnadsinnsats	Færre som oppnår tilrådd aktivitetsnivå hos eldre Lite variasjon i anlegg for eigenorganisert aktivitet i deler av kommunen	
Ugunstig kosthald, feilernæring	Kosthaldsmedvitne barnehagar	Sunn mat dyrare Forvirrande marknadsføring Manglande kunnskap om ernæring Manglande kommunal ernæringspolitikk og -kompetanse Manglande nasjonal politisk vilje til å prioritere ernæring, t.d. i skule Mangel på sunne alternativ i ulike samanhengar	Sosial ulikheit i kosthald Sosial ulikheit i helse Auka sjukdomsrisiko for barn og vaksne, og for gravide i tillegg for fosteret Auka fallrisiko eldre Auka sjukdomsførekost i befolkninga Auka samfunnskostnader
Auke i personar som melder om psykiske symptom	Aktivt lag- og organisasjonsliv Aktivt kulturliv Opne treffstader i sentrum og lokalsentre Nyving og Nyving Ung Kafear/kafekrok i butikk i lokalmiljø Ungdomsrådet engasjert i psykisk helse	Meir stressande samfunn Mindre ro, mindre søvn Nøytrale og/eller opne møteplassar manglar i deler av kommunen Teknisk planlegging som areal og infrastruktur i liten grad sett i samheng med sosial utvikling	Aukande skulefråvær Vanskeleg å delta som innflyttar/ny Stor etterspurnad etter individuelle tenester

4.8. Samfunnsøkonomiske vurderingar

Diabetes: Førekosten av diabetes er kraftig aukande. Oslo Economics har talfesta kostnaden ved diabetes i Norge til 46 milliardar kroner i året. Av desse er 30 milliardar knytt til tapte leveår og leveår med dårleg helse grunna sjukdom. 9 milliardar handlar om helsetenestekostnader, som utgifter til legemiddel og behandling. 7 milliardar omfattar produksjonstap eller tapt verdiskaping, og involverer m.a. sjukefråvær, uførleik og redusert produktivitet. Viktigaste førebyggjande tiltak er riktig ernæring og regelmessig

fysisk aktivitet. Diabetesforbundet etterlyser ein sterkare folkehelsepolitikk for å bremse kostnadsauken og betre livskvalitet og helse.

Psykiske lidningar: Psykiske lidningar kostar samfunnet store summer i form av sjukefråvær og uførleik, redusert produktivitet og utgifter for helsevesenet. Det er saman med muskel-skjelettlidningar den vanligaste årsaka til uførleik. For aldersgruppa 15-49 år er nesten halvparten av helseutgiftene i Norge knytt til psykiske lidningar og rus. Totalt for alle aldersgrupper er over 20% av dei totale helsekostnadene knytt til behandling av psykiske lidningar. Det er langt høgare enn i andre land som har gjort liknande berekningar. Kostnadene er fordelt mellom kommune og spesialisthelsetenesta.



Figur 40: Utgifter til helsetenester, alle aldersgrupper, fordelt på type sjukdom og type helseteneste (demenssjukdomane fell i hovudsak inn under nevrologiske sjukdomar) Copyright/kjelde: FHI

Fall og fallskader: Fall og fallskader har den nest høgaste helsekostnaden etter demens. Ein stor del er knytt til behandling i sjukehus og opptrening i etterkant, mens fall hos eldre ofte fører til funksjonsfall og varig auka hjelpebehov. Tiltak som førebygger fall kan difor potensielt spare store summer både i sjukehus og i kommunen, samt redusere smerte og lidning for den enkelte.

4.10 Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 4

- [Kommunedelplan for Helse, Sosial og Omsorg \(HSO\)](#)
- Plan for legetenesta i Bømlo kommune 2018-2021 (treng revisjon)
- <https://www.fhi.no/nyheter/2023/hva-koster-ulike-sykdommer-i-helsevesenet/>

5. Tema: Inkludering og deltaking



Mål 1. Utrydde fattigdom.



Delmål 1.4. Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggjande tenester.

5.1. Arbeidsmarknad og næringsliv




Mål 10. Mindre ulikskap: Redusere ulikskap i og mellom land.



Mål 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst: Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle.

Historisk har det vore ei stor auke i talet på personar i arbeidsfør alder. Det betyr at til tross for at ein stadig større del jobbar i offentlig sektor, har det òg vore ei auke i talet på tilsette i andre bransjar. Nå flatar talet på personar i arbeidsfør alder ut, og på sikt blir det færre arbeidstakarar enn i dag som skal dekke alle jobbar i Norge. Det betyr mangel på arbeidskraft i alle bransjar, og hard konkurranse om arbeidstakarar. Framtidige oppgåver må løysast utan fleire folk til disposisjon, og det krev nye måtar å løyse oppgåver på. Lokalt vil vi vere avhengig av framleis utanlandsk innvandring. Det kystbaserte næringslivet er dessutan sårbart for klimaendringar og klimatiltak. Det siste er nærare omtalt under tema 6: Klima og miljø.

5.1.1. Innvandring



Figur 41: Historisk endring i innvandring til Norge, fordelt på årsak til innvandring. Kjelde: SSB


Arbeidsinnvandring er ein ustabil ressurs, ettersom attraktiviteten varierer med situasjonen i heimlandet, kronekurs, behovet for arbeidskraft i andre land osb. Det er difor ønskjeleg at dei som kjem som flyktningar blir kvalifisert for arbeid i Bømlo, og at dei blir tatt godt imot og inkludert i lokalsamfunna, for å unngå at dei flyttar etter gjennomført kvalifiseringsprogram.

5.1.2. Arbeidsplassar



Mål 9. Industri, innovasjon og infrastruktur: Bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon

Bømlo og Sunnhordlandsregionen har eit variert næringsliv, og ein regional arbeidsmarknad, og det gjer kommunen mindre sårbar. I 2022 pendla 1772 personar ut av kommunen, mens 639 personar pendla inn til kommunen. Bømlo har høg grad av sysselsetjing i arbeidsfør alder.



Figur 42: Tal sysselsette i Bømlo kommune fordelt på ulike næringsområde, 2020.

Konsulentselskapet WSP la i 2022 fram rapporten «Regionenes kamp 2022», der Bømlo er trekt fram som den mest robuste kommunen i kategorien «pendlarkommune nær mindre by». I vurderingane er det tatt omsyn til demografi, arbeidsmarknad, utdanning, økonomi og næringsliv, og berekraft og klima. Ut frå ei totalvurdering har Bømlo fått ein rangering på 39, på en skala frå 1 til 87, likt med Eigersund, Vindafjord og Vadsø.

5.1.3. Sysselsettingsgrad og inntekt

I Bømlo var 79,5% av den busette befolkninga i alderen 20-66 år sysselsett i 2022. 82,6% av mennene var sysselsett og 76,1% av kvinnene. Dette er ein auke frå 2015 då sysselsettingsgraden var 76,7%, for menn 80,3% og kvinner 75,6%.

Figuren under syner utvikling i stillingsstorleik frå 2015 – 2022 for menn og kvinner som er i arbeid i alderen 15-74 år . Med unntak av 2015, då heiltidsgraden var lågare grunna krisa i oljenæringane, har talet på sysselsette menn i heiltidsstillingar halde seg stabilt rundt 84%. Ser ein på kvinnene så har det vore ein markant auke i heiltidsarbeidande kvinner i perioden. Framleis arbeider over halvparten av kvinnene deltid.



Figur 43: Prosent stillingsstorleik for menn og kvinner busett i Bømlo kommune, 2015-2022.


Tala syner at kommunen har ein stor arbeidskraftreserve, særleg blant den kvinnelege delen av befolkninga.

Kvinner i arbeid tener mindre enn menn. Ser ein på

gjennomsnittsinntekta til heiltidsarbeidande kvinner så utgjorde denne 82,2% av menn si gjennomsnittsinntekt i 2022. Medianinntekta utgjorde 86,5% av menns inntekt. Dette kan ha samanheng med kva bransje menn og kvinner arbeider i.

5.1.4. Arbeidsfelt kvinner


Data frå LEVA Urban Design si tilflyttarundersøking (443 svar):



Figur 44: Kjelde: Tilflyttarstrategi Bømlo ved LÉVA Urban Design.

5.1.5. Arbeidsfelt menn

Data frå LEVA Urban Design si tilflyttarundersøking (334 svar):




Figur 45: Kjelde: Tilflyttarstrategi Bømlo ved LÉVA Urban Design

5.2. Utdanningstilbod og utdanningsnivå



Mål 4. God utdanning : Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.



Figur 46: Høgaste fullførte utdanningsnivå Bømlo (Kjelde SSB).

Bømlo har ein vidaregåande skule som gjev utdanningstilbod tilpassa lokal arbeidsmarknad. Nabo-kommunane Stord og Haugesund har utdanning på høgskulenivå gjennom Høgskulen på Vestlandet. Nærleik til attraktive utdanningsinstitusjonar og relevante jobbar etter utdanning er viktig dersom ungdom skal ønskje å busette seg i distrikta. Fleire jenter enn gutar flyttar frå kommunen etter avslutta utdanning for å ta seg jobb andre stadar.


Ungdommens distriktspanel har utarbeidd råd for kommunar som vil behalde ungdommane:

<https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2022/11/10-rad-fra-ungdommens-distriktspanel.pdf>


5.3. Arbeidsuførleik og arbeidskraftreserve

Norge har kanskje verdas beste velferdsstat, men òg det høgaste sjukefråværet og dei høgaste kostnadane knytt til fråvær i heile OECD. Langvarig sjukefråvær aukar risikoen for å hamne permanent utanfor arbeidslivet. Per desember 2021 sto 20% av befolkninga mellom 20 og 66 år utanfor arbeidslivet, svarande til 661 000 personar nasjonalt. Av desse fekk 415 000 trygd, og 246 000 ingenting. Framtidsprognose er at dette ikkje bedrar seg, ettersom 20% av befolkninga ikkje fullfører vidaregåande skule. Av Norges nasjonalformue er framtidig arbeidsinnsats berekna å utgjere om lag 74% av totalformua på 16 millionar kroner per innbyggjar. Til samanlikning utgjer verdien av Statens Pensjonsfond (oljefondet) mindre enn 10 prosent av nasjonalformuen.

Figur 47: Netto nasjonalformue 2021. Prosent. Kjelde: Finansdepartementet.



Delen av ungdom som er på helserelaterte ytingar har auka vesentleg dei seinare åra i heile landet. Det gjeld særleg unge som slit med psykiske vanskar. For dei fleste av desse vil det vere rom for behandling og håp om betring. Terskelen for å få uføretrygd, som er ei varig yting, er høg for ungdom. Det skal den vere, fordi deltaking i arbeidslivet fremjar helse og gjev betre livskvalitet og økonomi, og få av dei som blir uføre kjem tilbake i arbeid. Delen unge uføre har auka noko i Bømlo.



Figur 48: Utvikling i unge uføre, Bømlo kommune

Sjå også NAV/Helse-
direktoratet: [Strategi for fagfeltet Arbeid og Helse](#)

5.4. Sosial ulikskap i Bømlo



Delmål 10.3. Sikre like moglegheiter og redusere skilnader i levekår, mellom anna ved å avskaffe diskriminerande lover, politikk og praksis og ved å fremje lovgjeving, politikk og tiltak som er eigna til å nå dette målet.

Førekost av sjukdomar og helsetap har ein klar sosial gradient. Både utdanning og inntekt påverkar levealder og helsetilstand. Samanhengen er kompleks, men heng mellom anna saman med livsstilfaktorane som er nemnt over.

Grunnlaget for god helse blir lagt i barneåra. Forsking viser at barn som veks opp i familiar med låg inntekt er mindre fysisk aktive, har dårlegare kosthald, deltek mindre i fritidsaktivitetar og har større risiko for å ikkje fullføre vidaregåande skule. Dei har høgare førekomst av helseproblem, både fysisk og psykisk, og lågare opplevd livskvalitet. Eit slikt utgangspunkt gir høg risiko for framtidig sjukdom, redusert arbeidsføreleik og tidlegare død som vaksen, og er eit stort samfunnsproblem, både økonomisk og sosialt.


Det medfører òg at dei sosiale problema går i arv, og i verste fall forsterkast frå generasjon til generasjon, med mindre samfunnet har kompensierende tiltak som kan jamne ut skilnadene. Utdanningsnivået i befolkninga har auka dei seinare åra. Vi ser og at delen som fullfører vidaregåande skule heng saman med foreldra sitt utdanningsnivå.

	Del som har grunnskule eller mindre som høgaste utdanning	Del som ikkje fullfører vidaregåande
Norge	21%	20%
Bømlo	24%	18%

Figur 49: Utdanningsnivå i Bømlo og frå fall frå vidaregåande


ÅR	2014-2016	2015-2017	2016-2018	2017-2019	2018-2020	2019-2021
Foreldra sitt utdanningsnivå						
Totalt	83	82	79	78	79	82
Grunnskule	64	65	55	51	49	60
Vidaregåande	84	83	83	81	83	82
Høgskule/universitet	88	87	84	83	85	89

Figur 50: Samanheng mellom foreldra sitt utdanningsnivå og delen som fullfører vidaregåande skule. Kjelde: Kommunehelsa statistikkbank, FHI.




Figur 51: Illustrasjon av samnhengen mellom oppvekstvilkår (sosioøkonomisk bakgrunn) og faktorar som påverkar framtidig helse.

Bømlo har relativt færre fattige, færre sosialhjelpsmottakarar og få einslege forsørgjarar samanlikna med landsnittet.




Figur 52: Del sosialhjelpsmottakarar i prosent av innbyggjarar 20-66 år. Kjelde SSB via Framsikt.



Figur 53: Delen ungdommar som svarer at dei dagleg et grønnsaker og salat, frukt og bær og grovbrød eller grove rundstykke, i ulike sosioøkonomiske grupper.

Kjelde: Velferdsforskningsinstituttet Nova, Oslomet. Upubliserte tal fra Ungdata 2020–2022, henta frå Folkehelsemeldinga, Stortingsmelding 15, 2022-2023.



Figur 54: Forventa levealder (ved 35 år) i Norge etter utdanningsnivå 1961-2020, henta frå Folkehelsemeldinga 2023.

5.5. Oppvekstmiljø, barnehage, skule

Bømlo har god barnehagedekning, og med unnatak av Rubbestadneset barnehage er det ledig kapasitet. Barnehagane i Bømlo tilbyr mat i barnehagen, med fokus på sunt og variert kosthald. Alle barnehagane er private. Det er færre enn landssnittet som får spesialpedagogisk hjelp i barnehage (Bømlo 2,4% mot 3,6% i landet). For spesialundervisning i skulen ligg Bømlo likt med samanliknbare kommunar (6,8% av elevane i grunnskulen).

5.5.1. Lesedugleik

Norge deltek i den internasjonale lese-undersøkinga PIRLS, som er leia av IEA (International Association for the Evaluation of Educational Achievement). Dette er ei trendstudie som blir gjennomført kvart femte år. Norske 10-åringar si lesedugleik er betre enn det internasjonale gjennomsnittet, på nivå med Danmark, men noko svakare enn Sverige og Finland. Hovudfunna i 2021 var følgjande:

- Det er ei markant nedgang i norske tiåringar sine leseprestasjonar.
- Leseresultata er svakare i alle dei nordiske landa samanlikna med 2016. Nedgangen er størst i Norge.
- 1 av 5 norske elevar på 5. trinn har svake leseprestasjonar.
- Norske tiåringar rapporterer lågast leseglede av alle landa i undersøkinga.
- Norske jenter presterer framleis betre enn gutar.
- Det er markant auke i bruk av digitale einingar i skulen frå 2016-2021.
- Det er fleire minoritetsspråklege elevar, men prestasjonsforskjellene mellom minoritetsspråklege og majoritetsspråklege elevar har ikkje auka.
- Det er ein klar samanheng mellom familien sin sosioøkonomiske status og eleven sine leseprestasjonar.
- Norske føresette rapporterer mindre negativ påverknad av pandemien på barna si faglege utvikling enn føresette internasjonalt.

Bømlo kommune har tidlegare hatt ei signifikant høgare del enn landssnittet på lågaste meistringsnivå i lesing for 5.klassingar. Det har difor vore jobba målretta med lesedugleik. I 2023 ligg Bømlo berre marginalt dårlegare an enn landssnittet, og skilnaden er ikkje lenger statistisk signifikant.

Forsking på fysisk aktivitet i skulen tyder på at innslag at trening aukar merksemd og betrar hukommelse⁶, og at barn som er i god fysisk form skårar betre på kognitive testar.

5.5.2. Overgangar

Det er mange overgangar i eit barns liv og for sårbare barn kan det opplevast utfordrande. «Forskrift om Rammeplan for barnehage» legg klåre føringar for at det skal vera særleg merksemd på overgang frå heim – barnehage og mellom ulike avdelingar i barnehagen. Barnehage og skule har også plikt til å samarbeida om overgang mellom barnehage og skule nedfelt i lovverk.

Bømlo kommune har eigen plan for samarbeidet kring overgang frå barnehage til skule som skal sikra informasjon til skule om barn, samt eigne rutinar for barn som har særskilte behov. Planen beskriv samhandling med føresette, informasjonsoverføring til skulen og det er nettverk mellom tilsette i skule og barnehage. Samarbeid om overgang er også omtala i Kommunedelplan oppvekst: «Det skal vera konkrete planar for å sikra overgangar mellom barnehage og skule og mellom dei ulike trinna i skulen».

Overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule kan òg vere krevjande. Vidaregåande skule melder eit ønske om betre informasjon på førehand, dersom det ligg føre behov for tilpassing eller spesiell merksemd frå skulen si side. God informasjon om eleven kan lette tilpassinga til ny skule, og redusere risikoen for fråfall. Informasjonsoverføring er særleg vanskeleg der elevar går på skule i annan kommune enn bustadkommunen. Informasjonsutveksling krev samtykke frå eleven. Eit ønske om å «starte med blanke ark» frå eleven si side kan vere eit hinder for god tilrettelegging.

Det er sett i gang arbeid med å revidera plan for overgang skule, grunna endringar i opplæringslova, samt at ein også skal ha rutinar for å sikra overgang frå barnehage til skulefritidsordninga SFO. Kommunedelplan oppvekst skal reviderast i 2024.

Overgang frå skule til arbeidsliv er ein kritisk fase for mange. Det er kamp om lærlingplassar, og dei som sluttar på vidaregåande skule står i fare for å hamne utanfor arbeidslivet. NAV har eit særleg ansvar for ungdom som treng hjelp i overgangen mellom skule og arbeidsliv. Frå 01.07.2023 er det innført ein ny ungdomsgaranti, med målsetting om at ungdom som treng ekstra hjelp for å komme i arbeid skal få tidleg, tett og tilpassa oppfølging frå NAV.

Det er vanskeleg å få sommarjobb for ungdom under 18 år. Ei tidleg tilknytning til arbeidslivet kan potensielt auke rekrutteringa til lokal arbeidsmarknad og gjere overgangen frå skule til arbeid lettare.

⁶ https://nhi.no/trening/aktivitet-og-helse/fysisk-aktivitet-og-helse/sprekere-elever-bedre-hukommelse-og-oppmerksomhet/?mc_cid=60733e8e82&mc_eid=c8d3d22853#reference-1

5.6. Kultur, fritid og deltaking

Kvalitetane i det daglege miljøet er grunnleggjande for helse, trivsel og livskvalitet. Deltaking i ulike aktivitetar kan gi meistring og fellesskap, og betre fysisk og psykisk helse i alle aldersgrupper.

Bømlo har eit rikt lag- og organisasjonsliv, og mange engasjerte og driftige innbyggjarar. Det betyr høg grad av frivillig innsats i dei ulike grendene, og eit rikholdig tilbod til befolkninga samla. Frivillige organisasjonar spelar i dag ei viktig rolle i folkehelsearbeid, både eigenverdien for dei som engasjerer seg, men òg i kraft av dei tilboda og tenestene som organisasjonane produserer for alle innbyggjarane i kommunen.

Kulturell aktivitet, frivillig innsats og felles opplevingar bygger identitet og eigarskap i eit lokalsamfunn. Møteplassane som kulturlivet og idretten skapar har stor betydning for trivselen i samfunnet. Møtestadane kan vera faste og stadbundne, men også enkeltarrangement som samlar folk rundt eit tema eller ein aktivitet. Kulturskulen og biblioteket er sentrale aktørar her.

«Idretten er landets største frivillige bevegelse», heiter det i stortingsmeldinga «Den norske idrettsmodellen». Idretten og idrettsanlegga bidrar til personleg utvikling, glede og meistring, og har samstundes ein samfunnsbyggjande funksjon. Anleggsstrukturen og aktivitetsprofilen innan idrett og fysisk aktivitet er relativt tradisjonell i kommunen. Bømlo har samla sett rimeleg god anleggsdekning, der anlegg for ballaktivitet er dominerande. Anlegga er med få unntak eigd og drive av lag og organisasjonar.

Det er ulik bruk og standard på lokale og anlegg, og mange slit med manglande driftsmidlar. Det er avgrensa areal for utbygging av større idrettsanlegg, og breidda i tilbod er ikkje så stor. I deler av kommunen er det få valmogleikar. Transportutfordringar og kostnad er barrierar for deltaking. Kommunen manglar fleire universelle, gratis fritidstilbod. Den siste tida har vi sett auka fråfall frå deltaking i fritidsaktivitetar blant barn og unge.

I planarbeidet blir det viktig å bygge opp og vidareutvikle gode og velfungerande livsmiljø. Det er viktig å leggja til rette for kontinuitet og stimulera til leik, aktivitet, kultur og naturopplevingar og fritidstilbod for alle uavhengig av alder og funksjonsnivå.

5.7. Nærmiljø og møteplassar

Friluftsliv er den forma for fysisk aktivitet der sosiale forskjellar gjer seg minst gjeldande. Å satse på lågterskel friluftsliv vil derfor bidra til å jamne ut sosiale forskjellar innanfor deltaking i fysisk aktivitet. Bømlo har god tilgang til friluftsområde, med stiar og vegar i varierende lengde og grad av tilrettelegging. Lyssetjing i nokre område gjer at brukstida aukar. Målsetjinga om at folk skal kunne nå eit friområde 500 meter frå der dei bur er sentralt når nye felt blir planlagt.

Det manglar større breidde i anlegg for eigenorganisert aktivitet, og særleg manglar det opne møteplassar og aktivitetsfremjande område i sentrale delar av kommunen. Ulike målgrupper har ulike behov når det gjeld møteplassar og omgjevningar som stimulerer til aktivitet, uavhengig av alder, kjønn og funksjonsnivå. Tilrettelegging for kvardagsaktivitet og sosial deltaking er viktige helsefremjande faktorar.


Bømlo har tilgjengeleg areal som det er mogleg å omdisponere til møteplassar i lokalsentra og kommunesenter. Det vil krevje at møteplassar blir prioritert i kommuneplanen sin arealdel.

5.7.1. Lokalmiljøet

Sosiale nettverk, tilhøyrslse og eigenskapar ved lokalmiljøet er sentrale for om folk flyttar til, blir verande eller flyttar frå staden. **LÉVA Urban Design** har sett på kva som påverkar slike avgjerder. I distriktskommunar er familie og slekt viktigare enn i byane. Sterke sosiale band og nettverk skapar trivsel og gjer at ungdommar ofte ønskjer å bli buande på heimstaden. Saman med gode naturkvalitetar er nettverk sentralt for dei som vel å flytte heim igjen, t.d. etter avslutta utdanning. På den andre sida vil unge som opplever mobbing eller utestenging ofte ha eit sterkt ønske om å flytte vekk. For tilflyttarar utan nettverk kan sterke sosiale band i bygda gjere at dei ikkje får innpass. Fleire jenter enn gutar flyttar frå mindre lokalsamfunn. Ved å la ungdom ta del i utviklinga av lokalsamfunnet, kan dei oppleve ein auka status og ei sterkare tilknytning til heimstaden.

Landlege kvalitetar som utsikt, turområde og nærleik til sjø blir høgt verdsett, men tilflyttarar etterspør i tillegg i aukande grad urbane kvalitetar som kaféar, butikkar og sørvis- og kulturtilbod.


Den lokale undersøkinga viser at bømlingar identifiserer seg sterkt med heimstaden, og mange kunne ikkje tenkt seg å bu ein annan stad. Mykje av livet er organisert rundt heimstaden. Få misliker staden dei bur. Svara viser likevel at meir enn ein fjerdedel meiner det er mykje baksnakking/sladder og negativ omtale av andre (heilt eller delvis einig), meir somme stadar enn andre. Det kan opplevast vanskeleg for tilflyttarar å bli kjend med dei som bur der.



Figur 55: Kjelde: Tilflyttarstrategi Bømlo ved LÉVA Urban Design.

5.7.2. Kva meiner folk er viktigast å jobbe med i Bømlo?


I spørjeundersøkinga blei folk spurd om kvalitetar og svakheiter ved tilboda i Bømlo, og kva kvalitetar dei meiner er viktigast å jobbe med for at Bømlo skal bli meir attraktivt. Svara fordelte seg slik:



Figur 56: Kjelde: Tilflyttarstrategi Bømlo ved LÉVA Urban Design

5.7.3. Framtidstru

Framtida til Bømlo heng saman med avgjerder som blir tatt i dag. LÉVA Urban Design har spurt om kva folk trur om framtida for Bømlo, og fleirtalet er optimistisk:



Ein av kommentarane samanfatar det mange meiner: «...Bømlo er ein øykommune, og dagens tilbakeflytande ungdom vil bygga ved havet og i flotte omgjevningar(...) Som ein øykommune må ein klara å kombinera allemannsretten og husbygging i naturrike omgjevningar. Om ein klarar dette, er eg optimistisk på ei god utvikling med både auka folketal, returnerande ungdom, større sentrum med fleire butikkar, osv. på Bømlo»

5.8. Integrering

Bømlo har over tid hatt ein aukande del av befolkninga med utanlands bakgrunn, noko som kan føre til mangfaldige, fleirkulturelle lokalsamfunn. Innvandarane er ein viktig ressurs, men vi ser at fleire folkegrupper som har kome til kommunen etter ei tid flyttar igjen. Vi har ikkje gode data på kvifor, men inntrykket er at det ofte handlar om manglande kjensle av tilhøyrse, og at dei flyttar til byar der dei har eit større nettverk av personar med lik bakgrunn. Det kan opplevast vanskeleg å bli ein «ekte bømbling», uavhengig av kvar ein kjem frå. Det kan skuldast lokale sosiale tradisjonar, kombinert med manglande opne treffstadar. Ein variert bustadmarknad vil vere viktig for lokalsamfunn som ønskjer å vere attraktiv for tilflyttarar.

5.9. Medverknad

5.9.1. Styrkebasert metode (ABCD) som tilnærming⁷

ABCD står for Asset Based Community Development og er ei styrkebasert tilnærming som viser korleis vi kan utvikle samfunnet ved å ta utgangspunkt i kva ulike styrkar og ressursar vi har å spele på, ikkje kva som er problemet eller utfordringane.

Ei kjerne i tilnærminga er å kartlegge ulike ressursar, kople ulike ressursar saman, rekruttere og skape breitt eigarskap, og skape og synleggjere resultat. Som kommune kan vi då møte samfunnsendringar og utfordringar med hjelp frå innbyggjarane sine ressursar, lag og organisasjonar, fysisk og digital infrastruktur, institusjonar, næringsliv og felles historier og verdigrunnlag.

Bømlo kommune starta å jobbe med utgangspunkt i ABCD-metoden i samband med prosjekt for helsefremjande nærmiljø. Sidan dette har ABCD-metoden vore grunnlag for ei rekkje prosjekt, prosessar og satsingar. Mange innbyggjarar, lag, organisasjonar og grendautval og kommunalt tilsette har delteke på kurs og aktivitetar i samarbeid med fagseksjon for samfunnsarbeid ved Høgskulen på Vestlandet og Nature Development.

5.9.2. Samarbeid med lag og organisasjonar⁸

Heilt sidan 2012 har kommunen gjennomført årlege dialogmøte med lag og organisasjonar. I møta legg ein opp til aktiv dialog om til dømes utvikling av relevante planar og strategiar som frivilligpolitisk plattform og kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit, samt dialog om korleis kommunen og frivilligheita kan samarbeide for t.d. inkludering og barrierer for deltaking, kommunikasjon og dialogformer, rekruttering av deltakarar og frivillige og utvikling av nærmiljø og møteplassar.

⁷ <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligheit/folkehelse/abcd-i-bomlo/>

⁸ <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligheit/lag-og-organisasjonar/samarbeid-og-dialog-med-frivillige/>

5.9.3. Samarbeid med grendautval

Bømlo har 12 grendautval som er paraplyorganisasjonar for lag og organisasjonar i dei ulike bygdene i Bømlo: Brandasund, Espevær, Finnås, Foldrøy, Gilje, Goddo, Langevåg, Meling, Moster, Rolfsnes, Rubbestadneset og Svortland.

Kommunen har årlege dialogmøte med grendautvala. Møta startar alltid med ei gjennomgang av kva prosjekt og problemstillingar dei ulike grendene ønskjer å løfte fram, før dialog om aktuelle planar og prosessar.

5.9.4. Medverknad frå ungdom⁹

I 2021-23 testa Bømlo kommune ut ei alternativ organisering av ungdomsrådet i gjennom prosjektet ungdom ved roret. Erfaringane med arbeidsforma har vore positiv, og frå hausten 2023 er organiseringa gjort fast med oppstartssamling og arbeidsgrupper, med støtte frå ungdomsrådskordinator og andre ressurspersonar.

Tema ungdomsrådet engasjerer seg i er betre kollektivtransport, møteplassar for ungdom, ALLEMED i fritidsaktivitetar, psykisk og seksuell helse og skule.

5.9.5. Medverknad frå eldre

Pensjonistar på Bømlo utgjør ein stor ressurs, og er aktive på mange område. Frivillig arbeid gjev i seg sjølv betre livskvalitet, og svært mange bidreg med aktivitetar som gjev ei helsegevinst for andre. Helseleiinga i Bømlo kommune har ei aktiv haldning til samhandling og samskaping når det gjeld kommunale tenester for målgruppa, og både eldreråd og pensjonistforbund har vore aktive bidragsytarar i ulike kommunale prosessar.

5.10. Oppsummering inkludering og deltaking

Inkludering og deltaking-undertema	Styrker/ressursar	Status/årsaker	Moglege konsekvensar
Medverknad og møteplassar	www.aktivitetforalle.no Lokalt engasjement Aktive grendautval Aktive lag og organisasjonar	Rikholdig lag- og organisasjonsliv, mange ulike tilbod Etablerte samarbeidsforum Manglar nøytrale/opne treffstadar i deler av kommunen	Trivsel og kjensle av tilhøyrse Mindre avstand mellom innbyggjarar og kommunal forvaltning Vanskeleg å få innpass som innflyttar

⁹ <https://www.bomlo.kommune.no/politikk/politisk-organisering/kontrollutval-eldre-og-ungdomsrad-m-fl/ungdomsrad/>

Inkludering og deltaking-undertema	Styrker/ressursar	Status/årsaker	Moglege konsekvensar
	Dialog mellom kommune og etablerte representantar for befolkninga	Få valmogleikar i deler av kommunen	Vanskeleg å finne sitt interessefelt på mindre stadar
Arbeidsmarknad og arbeidskraftreserve	Innovativt næringsliv, særleg innanfor marin og maritim sektor Tradisjon for entreprenørskap Lokalt/regionalt fagutdanningstilbod tilpassa lokalt næringsliv	Variert regional arbeidsmarknad Relativt høg sysselsettingsgrad Forventa nedgang i tal personar i arbeidsaktiv alder Mange kvinner i deltid-arbeid Stor del av næringslivet knytt til marin verksemd Stor del av næringslivet knytt til petroleumsverksemd Relativt få jobbar for høgt utdanna kvinner utanom offentleg sektor	Lett å få jobb, og større utval i jobbar regionalt Mangel på arbeidskraft Mangel på fagkompetanse Arbeidskraftreserve? Lågare inntektsnivå for kvinner Næringslivet sårbart for klimaendringar og endra rammevilkår Sårbart ved redusert etterspurnad eller kostnadsauke
Ungdom og utanforskap	Engasjert ungdomsråd og ungdom som set tema på dagsorden Fleire sekundær-førebyggjande tilbod (tilbod for å hindre forverring når problem har oppstått)	Sosial ulikskap i helse som rammar barn og unge frå vanskelegstilte familiar Kraftig auke i unge som rapporterer om psykiske vanskar Kraftig auke i unge på helserelaterte trygdeytningar Lågare del på sosialhjelp enn landssnittet Færre einslege forsørgjarar Manglande fokus på sosial ulikskap og tiltak for å utjamne skilnadene i oppvekstvilkår	Dårlig fysisk og psykisk helse og redusert tilknytning til arbeidsliv når dei veks opp Fleire som fell utanfor Fleire som er avhengig av hjelpetene Kapasitetsmangel i tenestene Stor auke i kostnader (tapte gode leveår, tapt arbeidsinnsats, auka helsetenestekostnadar) Auka sjukdomsførekost i befolkninga Auka fråfall i skule


5.11. Samfunnsøkonomiske vurderingar

Deltaking i samfunnet: Dei som veks opp i vanskelegstilte familiar har på gruppenivå lågare aktivitetsnivå, dårlegare kosthald, deltek mindre i organiserte aktivitetar, gjer det dårlegare på skulen, har færre meistringsstrategiar, har dårlegare fysisk og psykisk helse, og deltek mindre i arbeidslivet når dei blir vaksne. Det kostar samfunnet store summer. Slik treng det ikkje vere. Det er eit samfunnsansvar å syte for like mogleikar for alle barn, og vi treng at alle blir vaksne som kan bidra. Då må vi identifisere kva barrierar som hindrar deltaking på like vilkår, og fjerne desse så langt det er mogleg. Det er ei oppgåve for barnehagar, skular, fritidsorganisasjonar, nabolag, ungdomsråd, kommunalt tilsette og ikkje minst dei folkevalde.

Deltaking i arbeidslivet: Norge har relativt høg sysselsettingsgrad, men veksten har minka. Unge har over tid delteke mindre i arbeid, men tek lengre utdanning. Norge har den høgaste delen av befolkninga på helserelaterte ytingar, og er dårleg på å inkludere personar med funksjonsnedsetjing i arbeidslivet. Særleg er det bekymringsfullt at talet på unge med helserelaterte ytingar har auka vesentleg dei siste år, mykje knytt til psykiske vanskar. Deltaking i arbeidslivet er helsefremjande, og dei fleste med helseproblem har ei restarbeidsevne. Samanlikna med Sverige har Norge nesten dobbelt så stor del av befolkninga som har uføretrygd. Næringslivet, i samarbeid med det offentlege, har ei viktig oppgåve med å inkludere personar med nedsett arbeidsevne i arbeidslivet.

Deltaking i kultur og idrett: Tilrettelegging for aktive liv har potensielt stor samfunnsøkonomisk gevinst. Ei fysisk aktiv befolkning sparer det offentlege for helse- og trygdeutgifter og fører til sterkare tilknytning til arbeidslivet, lågare sjukefråvær og fleire leveår med god helse. Ulike typar anlegg stimulerer til aktivitet, forutsett ei viss breidde i tilbodet og at det er lett tilgjengeleg. Ettersom det er ein klar samanheng mellom dårleg helse og dårleg økonomi er det viktig med tilgang til gratis aktivitetsfremjande tilbod. Dette gjeld særleg for barn og unge.

Figur 57: Del av befolkninga som mottok trygdeytningar i alderen 20-64 år, prosent, 2019. Kjelde Perspektivmeldingen (Meld.St.14) 2021.



5.12. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 5

[Kommunedelplan oppvekst](#) (skal reviderast i 2024)

[Kommunedelplan for kulturminne 2021-2032](#)

Kommunedelplan for idrett og kultur (under arbeid)

[Rapport 2022/20 Vista analyse: Nyttan av idrettsanlegg og betydning for fysisk aktivitet](#)

Ung medvirkning (U+MxV) Arbeidsforskningsinstituttet ved OsloMet [AFI-rapport 2023:03](#)

6. Tema: Klima og miljø



Mål 12. Ansvarleg forbruk og produksjon: Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.



Mål 14. Livet i havet: Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling.



Mål 15. Livet på land: Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald.

6.1. Klimaendringar og konsekvensar for Bømlo



Mål 13. Stoppe klimaendringane: Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei.



Delmål 13.1. Styrkje evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farar og naturkatastrofar i alle land.

Klimaendringane med global oppvarming utgjer den aller største trugselen mot liv og helse for befolkninga i verda. Allereie i dag er luftforureining årsak til 7 millionar for tidlege dødsfall årleg. Fleire og fleire blir eksponert for ekstrem hete. Heitebølga i Europa sommaren 2022 er berekna å ha ført til 61 000 dødsfall¹⁰. Eldre og spedborn er særleg utsett. I 2023 er det sett nye varmerecordar, m.a. global varmerecord fire dagar på rad i juli. Det har vore dramatiske brannar på fleire kontinent, heitebølger og tørke, styrtregn og flom, og auka luftforureining over store område grunna brannar. Norge har òg fått kjenne på konsekvensane av eit varmare klima.

Det er observert rekordhøge temperaturar i Nord-Atlantaren i år (2023). Det er tidlegare sett massedød av fisk knytt til marine heitebølger i Stillehavet, og havforskarar er uroa for konsekvensane for livet i havet¹¹.

Tørkesommaren 2018 i Norge førte til svikt i avlingar, slakting av buskap grunna mangel på fôr, tomme brønner, stenging av kraftverk, rekordhøgt tal skogbrannar og stor skade på økosystem fleire stader. I Sverige opplevde dei same året ukontrollerte skogbrannar, såkalla brannstorm.

Tørke, flaum, ras og brannar tek mange menneskeliv, og trugar den globale matproduksjonen. I Norge importerer vi omlag 60% av all maten. Landet har god tilgang på kjøtt og fisk, men hadde i 2019 ei sjølvforsyningsgrad for korn på 22%, for grønnsaker på 46% og for frukt på 7%. Fòr til oppdrettsnæringa er òg for ein stor del importerte produkt. Pandemien har lært oss at ved global mangel og auka etterspurnad er det ikkje sjølvsgatt at vi får tilgang på dei varane vi treng.

Bømlo ligg tett på havet og er ikkje i risiko for ekstreme temperaturar. Temperaturauken har likevel både direkte og indirekte effektar for Bømlo-samfunnet:

- Auke i allergi og lengre allergisesong
- Meir smittsam flått og fleire flåttborne sjukdomar vil spreie seg til Bømlo (TBE er på veg)
- Oppblussing av giftige blågrønnalger (cyanobakterier) og andre sjukdomsfremkallande bakterier i badevatn og ev drikkevatn
- Styrtregn
- Meir ekstremvær og stormflo


¹⁰ <https://www.reuters.com/world/europe/61000-europeans-may-have-died-last-summer-heatwaves-experts-say-2023-07-10/>

¹¹ <https://www.nrk.no/klima/hetebolge-i-nord-atlanteren- forskere-frykter-massedod-1.16458020>

- Stigning i havnivå
- Utfordringar med reinsing av drikkevatt som skuldast auka avrenning og forureining av nedslagsfelt grunna styrtregn
- Mangel på og/eller kraftig prisauke på importerte planteprodukt, som frukt og grønt, og før til landbruk og fiskeindustri grunna svikt i avlingar og stor etterspørsel globalt.
- Endring av livet i havet, m.a. ser ein tendens til at norske fiskeartar trekker mot kaldare farvatn, og at framande artar etablerer seg.
- Auka spreieing av dyre- og fiskesjukdomar, særleg blant husdyr og oppdrettsfisk
- Spreieing av tropesjukdomar til populære ferieland i Europa, og på lengre sikt til Norge.
- Auke i flyktningsstraumar
- Auka brannfare

På den positive sida:

- Lengre vekstsesong, som gjev mogleik for fleire avlingar og dyrking av nye vekstar
- Auka innvandring, kan kompensere for mangel på arbeidskraft som skuldast ein aldrende befolkning
- Attraktivt feriemål for turistar frå land med heitebølgar
- Fleire varme sommardagar



Figur 58: Grafen viser endring i global temperatur år for år frå slutten av 18-hundre-talet. Temperaturen har stege dramatisk dei siste førti åra, og temperaturstigninga vil halde fram, med store konsekvensar for klima og miljø. (Kjelde: climate.gov)

[Klimarisiko i næringer som er viktige for Bømlo:](#)

Framtidsscenario Bømlo (utarbeidd november 2020): <https://www.nrk.no/klima/kommune/4613>

6.2. Mindre tilgang på areal

Det kjem til å bli mindre tilgang på areal i kommunen dei neste åra. Det har både økonomiske og fysiske årsaker: auka utbyggingsbyggjekostnadar, omsyn til inngrepsfri natur, krav om sterkare jordvern og driftskostnadar med spreidd infrastruktur. Kvadratmeterprisen for å byggje ut areal er i seg sjølv ei ramme for kva areal som er realistisk å byggje på eller utvikle. Areal for til dømes større anlegg og sosiale møteplassar må sannsynlegvis kome i form av omprioriteringar og kan ikkje berre basere seg på nytt areal.

Det blir stadig mindre inngrepsfri natur i landet, kor bygging av veg og infrastruktur for energi er ein av dei viktigaste årsakene til at dette minkar. Kommunane har det største ansvaret for å ta vare på den inngrepsfrie og villmarksprega naturen som er igjen. Kombinert med eit meir strengt jordvern, vil dette vere viktige rammer for arealutnytting. Samstundes er inngrepsfri natur ein stor moglegheit for å gjere kommunen attraktiv både for tilflyttarar og for reiselivsutvikling.

Infrastruktur som både vann og avløp, veg og kraftnett er ei sentral økonomisk ramme for kva areal som i realiteten kjem til å vere tilgjengeleg dei neste åra. Når kommuneøkonomien blir meir stram framover får dette også konsekvensar for både arealforvaltninga og tenesteproduksjon. Betre utnytting av eksisterande infrastruktur og areal kan bøte på noko av dette.

6.3. Lokale miljøutfordringar

6.3.1. Utslepp til luft

Bømlo kommune var i 2021 registrert med 66186,9 tonn CO₂-ekvivalenter til luft, ei auke på 8,1 tonn frå året før. Den klart største delen kjem frå skip som passerer Bømlo, og som ein vanskeleg kan påverke. Vidare er det utslepp frå jordbruk, vegtrafikk, og annan mobil forbrenning som utgjør hovudkjeldene. ([frå miljødirektoratet](#))

6.3.2. Utslepp til vatn



Mål 6. Reint vatn og gode sanitærforhold: Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.



Delmål 6b. Støtte og styrkje medverknad frå lokalsamfunn for å betre forvaltninga av vass- og sanitærforhold.

I Bømlo kommune er om lag halvparten av alle utslepp via private kloakkanlegg. Resten blir drifta av Bømlo Vatn og Avløp BVA. Store deler av kommunen har god resipient (mottakar av utslepp med god gjennomstraum av vatn), men situasjon er problematisk når det gjeld terskelfjordar og ferskvatn, i hovudsak Innværfjorden og Storavatnet. Problem knytt til forureining og bakterievekst vil bli forsterka med aukande temperaturar grunna klimaendringane. Med klimaendringane og meir styrtregn er det enda viktigare å få sanert dei utsleppa som framleis blir tilført ferskvatn og terskelfjordar, før det oppstår varige endringar som gjer desse områda ueigna som rekreasjonsområde i framtida. Det er varsla eit nytt EU-direktiv med vesentleg auka reinsekrav for kloakkutslepp og anna forureinande utslepp frå 2027.

Utkast til ny hovudplan for vatn og avløp i Bømlo kommune 2022-2050 er utarbeidd av Sweco i samarbeid med lokal arbeidsgruppe, og skal til politisk handsaming.



Figur 59: «Satellittfoto av Storavatnet, hentet fra www.norgeskart.no 1.09.2021. Bildet er trolig tatt sommeren 2020, da algeoppblomstringen i det vestre bassenget var tydelig. Sommeren 2021 var hele innsjøen grønn i en lengre periode, men dette var ikke tilfelle ved befaringen 28. september» – frå NIVA-rapport datert 13.01.2022.

6.3.3. Jordvern

Jordvern handlar om å sikre mogleik til å dyrke mat i dag og i framtida. Ein internasjonal rapport¹² peikar på at Norge må trygge framtidig matforsyning, mellom anna ved å auke sjølvforsyningsgraden av energirik, plantebasert mat. Berre 3% av Norges landareal er dyrka mark. Bømlo har potensielt ein lang vekstsesong grunna det milde klimaet. Tørke, brannar, flaum og krig som allereie i dag råkar verdas viktigaste område for matproduksjon, gjer at vi i større grad må satse på lokal produksjon av mat. Sjå også [Nasjonale jordvernstrategi 2023](#).

6.4. Kraftproduksjon



Mål 7. Rein energi til alle: Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris.

Bømlo har i dag ingen eigen kraftproduksjon, og er avhengig av tilførsel av kraft utanfrå. Tilgang på kraft er, i tillegg til anna infrastruktur, ei føresetnad for framtidig industrivekst, og er ein kritisk ressurs både

¹² The Lancet Countdown: Kartlegging av klimaendringar og helse 2022

nasjonalt og lokalt. Statnett sine berekningar viser at vi vil ha eit kraftunderskot i Sør-Norge allereie i 2026. I følgje Finnås kraftlag sin rapport «Korleis sikrar me nok nett og straum til Bømlo kommune framover?» (2023) er det ikkje tilgjengeleg nettkapasitet for tilknytning av nytt større forbruk til Sunnhordland eller Bømlo før Blåfalli – Gismarvik er oppført. Når denne nye overføringslinja er på plass vil det bli tilgjengeleg meir elektrisk kraft, men mykje av denne er allereie tinga av bedrifter, som står i kø og ventar på svar. Forsyningskapasitet og -tryggleik er ei utfordring som må løysast. Bømlo har god tilgang på sol, vind og bølger, som kan opne for potensiell lokal energiproduksjon i framtida.

6.5. Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern (MHV) omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa, både biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Kommunen har ein viktig rolle som samfunnsutviklar. Å skape eit helsefremjande samfunn handlar m.a. om å redusere skadeleg påverknad og fremje berekraftige løysingar. Kommunen er t.d. både eigar og tilsynsmynde i forhold til utslepp. Berekraftige løysingar for framtida handlar om å ikkje skape nye problem, rydde opp der det er naudsynt, og å finne meir miljøvenlege alternativ i framtida. Oversikt, overvaking og tilsyn er viktige verkemiddel for å sikre ei berekraftig utvikling. Fagområdet involverer ei rekke kommunale, fylkeskommunale og statlege tenester. Lokal strategi for miljøretta helsevern blei vedteke i kommunestyret i Bømlo 26.09.2022.

6.6. Oppsummering klima og miljø

Klima og berekraft- undertema	Styrker/ressursar	Prognose, framtidig status/årsaker	Moglege konsekvensar
Samfunnstryggleik og tilpassing til ei verd i endring	Tilpassing av framtidige bygningar til auka flaumfare Variert næringsliv og nærleik til regional arbeidsmarknad Innovativt næringsliv, utvikling av miljøvenleg teknologi Gründer- tradisjon, kan bidra til eit breiare og mindre sårbart lokalt næringsliv	Oftare ekstremvær som styrtregn og stormflo Redusert etterspurnad frå olje- og gassverksemd Karbonprising og regulering av utslepp Naturkatastrofar gjev redusert tilgang på landbruksprodukt, som frukt, grønnsaker og fôr til landbruk og fiskeoppdrett	Potensielt over 2000 oversumde bygningar, 6,1 km veg ved 200-års stormflo Konsekvensar for industri og næringsliv Tap av arbeidsplassar Auka kostnadar for sjøfart Mindre utval av matvarer, auka matprisar Redusert produksjon av oppdrettsfisk
Vasskvalitet og vern om vassdrag	Mogleik for tilkopling til kommunalt avlaupsnett	Framleis utslepp av avlaupsvatn og næringsstoff (særleg	Auka tilgroing Bakterievekst

Klima og berekraft- undertema	Styrker/ressursar	Prognose, framtidig status/årsaker	Moglege konsekvensar
– forringa vasskvalitet	Mogleg å drive næring på nye artar?	Storvatnet og Innvær-fjorden) Forureining frå marine verksemder Flytting av båtar o.l. mellom innlandsvatn Auke i havtemperatur	Helsefare ved bruk av vatnet for menneske og dyr Påverknad på livet i havet Spreiing av vasspest Fisk som trekker mot kaldare farvatn, endra art-samansetting Auka risiko for spreieing av fiskesjukdomar

6.7. Samfunnsøkonomiske vurderingar

Bømlo kommune høyrar til dei «heldige» når det gjeld konsekvensar av klimaendringar, samanlikna med andre delar av landet og ikkje minst resten av verda. Vi er mindre utsett for store stein- og jordskred, flaum frå vassdrag, tørke og vassmangel, og er mest utsett for sterk vind og stormflo. Vi vil likevel bli påverka av dei globale konsekvensane, men mangel på landbruksprodukt, prisauke og flyktningstraumar. Dei største konsekvensane for Bømlo vil vere negativ påverknad på fiskeri og marine næringar, der Bømlo og Sunnhordlandsregionen er særleg sårbar. Det ligg eit potensiale i auka turisme.

6.8. Aktuelle kommunale planar og andre relevante dokument kap 6

[Hovudplan for vatn og avløp - bva.no](#)

[Nasjonale jordvernstrategi 2023](#)

Handlingsplan for klima og energi 2023-2025 Bømlo kommune

Strategi for miljøretta helsevern i Bømlo kommune

7. Tema: Overordna samfunnsøkonomiske vurderingar

7.1. Økonomisk berekraft

Mange av dei utfordringane vi ser i samfunnet er utanfor kommunal styring. Vi må likevel handtere konsekvensane av dei endringane som kjem. Det krev ei felles forståing av utfordringsbiletet og langsiktige meistringsstrategiar. Bømlo kommune har høg gjeldsgrad, noko som gjer at det økonomiske handlingsrommet er avgrensa. Men om ikkje vi gjer tiltak i dag, vil det føre til enorm kostnadsauke innan få år, som kommunen ikkje vil ha midlar til.

7.1.1. Økonomisk konsekvens av demografiske endringar

Bømlo kommune nyttar i dag 480 millionar på helse- og omsorgstenester. Av personellressursane jobbar per 01.07.2023 142 i teneste for brukarar under 67 år (habiliteringstenesta, rus og psykiatri), og 204 i pleie- og omsorgsteneste i hovudsak for eldre.

Dei næraste åra skjer dei ei stor endring i samansetninga av befolkninga. Den eldre delen av befolkninga vil få ein kraftig vekst i åra framover. Aldersgruppa 85 + vil doble seg fram mot 2035, frå 278 personar i 2022 til 547 personar i 2035. Samstundes går talet på barn ned med om lag 500 personar. Folk i alderen 20-67 år går ned i same periode med om lag 250 personar. Teknisk berekningsutval har gjort berekningar for kva enkeltindivid kostar kommunen. Ser ein på eldregruppa så kostar i gjennomsnitt ein 67 åring kr 27 983 mens ein som er 105 år kostar i gjennomsnitt kr 764 799. Ein 89 år gamal person kostar kommunen i gjennomsnitt 3 gonger så mykje som ein 80 åring.

Ein berekning visar at dersom kommunane leverer tenester som i dag så vil kostnaden for Bømlo kommune endre seg slik for gruppa over 67 år:

	2022	2025	2030	2035	2040	2050
Kostnad i mill. kr	229,6	244,8	295,0	366,0	429,6	513,6


Samstundes vil overføringane frå staten grunna reduksjon i barnetalet gå ned med 63 mill. kr fram til 2030 og ytterlegare 23 mill. kr fram mot 2035.

Kommunen vil måtte omfordele ressursar mellom tenesteområda, og denne endringa startar allereie i 2024.

7.1.2. Arbeidskraftreserve

Finansdepartementet har berekna samansettinga av Norges netto nasjonalformue. Av denne er framtidig arbeidsinnsats berekna å utgjere om lag 74% (human kapital – sjå også punkt 5.4). Det viktigaste vi gjer er å sikre at vi har nok arbeidskraft i framtida.

Bildet under viser ytingar gjennom ulike deler av livet. Norge er eit kunnskapssamfunn, og manglande formell kompetanse er ei barriere for deltaking i arbeidslivet. Læring og meistring startar i tidleg barnealder. Veggen til god eller dårleg helse startar òg i tidleg barnealder. For dei som står utanfor arbeidslivet, er årsaka oftast enten helseproblem, manglande kompetanse eller manglande integrering. For helseproblem dominerer psykiske lidningar og muskel-skjelettlidningar. Ein stor del av dette kan førebyggjast gjennom ei aktiv livsstil og gode sosiale nettverk.



Figur 60: Velferdsytningar, samanheng mellom type yting, tal på mottakarar, og alder. Kjelde SSB.

Mobbing og utanforskap startar ofte allereie i barnehagealder. Barnehage og skule er særskilte viktige arenaer i folkehelsearbeidet. Auke i overvekt og fedme, psykiske vanskar og skulefråfall hos unge er samfunnskapte komplekse problem som ikkje kan overlatast til den einskilde familie å løyse.

Samfunnet og næringslivet må vere villig til å akseptere at enkelte arbeidstakarar har utfordringar som fører til redusert stabilitet i jobb og redusert arbeidskapasitet, og legge til rette for at dei får brukt restarbeidsevna si. Sjukefråværet må reduserast. Langvarig fråvær frå jobb aukar risikoen for varig uførleik. Manglande kompetanse kan supplerast gjennom internopplæring eller etterutdanning, og det må lagast fleksible ordningar som fungerer for den einskilde. Få av dei som får uføretrygd kjem tilbake i løna arbeid.

Pensjonistar utgjer ei vesentleg arbeidskraft- og kompetansereserve. Det same gjer delen av deltidstilsette i Bømlo. Nye pensjonsreglar gjer at det framover vil vere meir lønsamt å halde fram i jobb.

7.2. Potensiale ved førebygging

Førebygging av helseproblem må starte tidleg. Helsefremjande tiltak og førebygging av sjukdom er to sider av same sak, men med litt ulik tilnærming. Universelle helsefremjande tiltak gagnar alle, men har størst effekt hos dei med høgast risiko. Førebygging av sjukdom er ei ønska konsekvens av helsefremming. Reparasjon er ressurskrevjande og har avgrensa effekt. Norge har lite systematisk forskning på sunn

mat og fysisk aktivitet i skule og SFO, men det som ligg føre av forskning tyder på at ernæringsmessig riktig kost og fysisk aktivitet betrar konsentrasjon og hukommelse og fremjar læring. Ei mogleg bi-effekt er betre sosialt miljø og trivsel.

7.2.1. Kosthald

Eit viktig folkehelseiltak er å fremje sunn mat. Bømlo kommune har høgare førekomst av overvekt og fedme enn landssnittet, og manglar ein heilskapleg strategi for å fremje sunt kosthald. Helsedirektoratet har berekna sjukdomsbyrden ved eit usunt kosthald til 136 mrd. kroner i 2013, 29% av den totale sjukdomsbyrden i landet. I det talet er det rekna med tapte leveår og år med redusert helse (sjukdomsjusterte leveår DALY). Den totale kostnaden, når ein inkluderer helsetenestekostnadar (12 mrd.) og produksjonstap (6 mrd.), er berekna til 154 mrd. 2013-kroner¹³. Den teoretiske samfunnsøkonomiske gevinsten ved å legge til rette for eit gunstigare kosthald er altså 154 mrd., samt at ein potensielt kan hindre ein fjerdedel av sjukdomsbyrda i befolkninga. Sjølv mindre endringar i positiv retning vil difor ha ein enorm samfunnsøkonomisk gevinst.

7.2.2. Fysisk aktivitet

Samla sett kan fysisk aktivitet nyttast i førebygging og behandling av drygt 30 ulike diagnoser. Fysisk aktivitet påverkar både risikofaktorar, sjukdomsførekomst, livskvalitet og død. Helsegevinsten blir oppnådd med det aktivitetsnivået som Helsedirektoratet tilrår¹⁴, og som er ulikt for ulike aldersgrupper. Det er særleg viktig å legge til rette for kvardagsaktivitet for barn, unge og eldre, og unngå langvarig stillesitting for alle aldersgrupper.

Fleire forskingsrapportar viser at elevar som reiser med bil eller buss til skulen har dårlegare helse enn elevar som går eller sykklar¹⁵. Det er òg vist samheng mellom aktiv skuleveg og konsentrasjon, inkludert auka prestasjonsevne innan matematikk, språk og logisk tenking knytt til aktiv skuleveg på meir enn 15 minuttar.

7.2.3. Fallførebygging

Fall er berekna til å koste samfunnet 14,52 mrd. kroner i helsekostnader per år (2019-kroner). Ein vesentleg del av fallskader skjer hos eldre. Den vanlegaste skaden hos eldre er hoftebrot, og berekningar viser at eit hoftebrot i gjennomsnitt kostar omlag 500 000 kroner¹⁶ første året, og totalkostnad er berekna til 1 million etter to år, fordelt på sjukehus og kommune. Fysisk aktivitet som inkluderer styrke- og balansetrening har førebyggjande effekt. Ei større satsing på spesifikk fallførebyggjande trening, i kombinasjon med desentralisert tilbod om treningsgrupper og turveggar vil vere viktige bidrag for å hindre fall og fallrelaterte skader, og spare ressursar i helse- og omsorgstenesta. Her gjer frivillige ein stor innsats i dag.

¹³ [Samfunnsgevinster av å følge Helsedirektoratets kostråd](#)

¹⁴ <https://www.helsedirektoratet.no/tema/fysisk-aktivitet>

¹⁵ <https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/baerekraftig-mobilitet/barn-og-ungdom/aktiv-skolevei/>

¹⁶ [Fall og pasientsikkerhet blant eldre i kommunene - kunnskapsoversikt](#)

7.3. Kapasitet i den kommunale organisasjonen

Vi må forvente at det blir kamp om arbeidskraft og kompetanse framover. Pleie- og omsorgstenester er personell-intensive tenester. Det vil bli naudsynt å yte tenester med færre folk og med mindre tidsbruk. Det krev medvite prioriteringar av kva tenester kommunen skal yte, og kva som ikkje er naudsynte kommunale tenester. Dette kjem i tillegg til faglege prioriteringar innanfor dei ulike tenestene.

Kriterium for prioritering innan helsesektoren er nytteverdien av helsehjelpa, alvor av sjukdom (kva kan ein oppnå, eller kva forverring kan skje om hjelpen ikkje blir gitt) sett opp mot kostnad og tidsbruk. Prioriteringskriteria «nyttekriteriet», «ressurskriteriet» og «grad av alvor-kriteriet» er implementert i den norske helsetenesta. Ressurs har tradisjonelt vore mest knytt til økonomi, men vil framover måtte ta omsyn til tidsbruk for helsepersonell i større grad.

Også i andre deler av den kommunale organisasjonen må ein vurdere nytteverdi opp mot bruk av personellressursar.

8. Kjelder og aktuelle nettsider

[Meld. St.15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga](#)

<https://www.ssb.no/kommunefakta/bomlo>

[Status for arbeidet med berekraftsmåla, Norge](#)

[Folkehelseundersøkinga Vestland 2022](#)

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 - 2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2049 og arealdel 2013 - 2023

9. Vedlegg

Oppvekst og levekår - ungdom, sjå dei neste sidene.

Vedlegg: Oppvekst og levekår - ungdom



Bømlo i dag – eit samfunn i endring

24.10.2023

Kommunedirektøren

Innhaldsliste, vedlegget:

9. Oppvekst og levekår – ungdom	3
9.1. <i>Sosialt miljø og trivsel</i>	3
9.1.1. Deltaking og fritid	3
9.1.2. Trivsel på skulen	5
9.1.3. Lokalmiljøet	6
9.1.4. Korleis ein opplev tilbodet der ein bur	7
9.2. <i>Mobbing, vald og trakassering</i>	8
9.2.1. Negative ting via nett eller mobil	8
9.2.2. Vener	9
9.2.3. Skjermtid	11
9.3. <i>Helse (psykisk helse)</i>	13
9.4. <i>Rusmiddelbruk</i>	14
9.4.1. Alkohol	14
9.4.2. Røyk og snus	16
9.4.3. Illegale rusmiddel	18
9.4.4. Sosial ulikskap og økonomi	20
9.5. <i>Vald og overgrep</i>	21
9.6. <i>Kriminalitet</i>	22

9. Oppvekst og levekår – ungdom

Innspel til kunnskapsgrunnlaget med presentasjon av tal frå ungdomdata og kriminalitetsstatistikk.


9.1. Sosialt miljø og trivsel

9.1.1. Deltaking og fritid

Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge. Mange unge får varierte opplevingar og moglegheiter til å utvikle evnene sine og trening i å fungere i eit fellesskap, ytre egne meiningar og jobbe målretta.

Ungdata syner at dei aller fleste barn og unge har delteke i eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten. Sjølv om det er ein viss nedgang i løpet av ungdomsåra deltek framleis to av tre ungdomsskuleelevar på landsbasis i ei eller anna form for organisert fritidsaktivitet. Idretten organiserer klart flest. Nasjonalt har prosentdelen som er med på organiserte aktivitetar halde seg nokså stabil det siste tiåret.¹⁷

Ungdataundersøkinga på Bømlo i 2021 syner at det er færre ungdomsskuleelevar som er med på organiserte fritidsaktivitetar samanlikna med landsnittet. Prosentdelen som i 2021 oppgav å vere med i organisasjonar, klubbar eller lag har sunke frå 71% i 2019 til 56% i 2021.




Figur 2 (vedlegg): Prosentdel som er med i ein fritidsorganisasjon. Ungdomsskule og vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.


¹⁷ <https://www.ungdata.no/rapporter/>



Figur 3 (vedlegg): Tidstrend prosentdel med i ein fritidsorganisasjon. Ungdomsskular Bømlo. Kjelde Ungdata.




Figur 4 (vedlegg): Tidstrend prosentdel som er med i ein fritidsorganisasjon. Vidaregåande skule Bømlo. Kjelde Ungdata.




Figur 5 (vedlegg): Prosentdel av elevar på mellomtrinnet som er med på faste fritidsaktivitetar. Bømlo og nasjonalt 2021. Kjelde ungdata junior.

9.1.2. Trivsel på skulen


I tillegg til å vere ein stad for læring, er skulen også ein viktig arena for sosialt samvær. Ungdataundersøkinga frå 2021 syner at skulen er ein god stad å vere for dei aller fleste, men ikkje for alle. Om lag tre av 10 ungdomsskuleelevar på Bømlo oppgav i 2021 at dei gruar seg ofte til å gå på skulen. Ganske mange rapporterer også om at dei kjedar seg på skulen.



Figur 6 (vedlegg): Korleis ungdom opplev ungdomsskulen og vidaregåande skule. Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 7 (vedlegg): Korleis ungdom opplev ungdomsskulen og vidaregåande skule. Kjelde Ungdata.




Figur 8 (vedlegg): Korleis elevar på mellomtrinnet opplev skulen. Bømlo 2021. Kjelde ungdataba junior.


9.1.3. Lokalmiljøet

Trygge og sunne lokalmiljø er svært viktig for velferda til barn og unge. Dei brukar lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra sine og andre vaksne. Korleis lokalmiljøet er påverkar korleis kvar einskild kan utfalde seg og ha sosialt samvær. Tilbodet av organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar einskild kan utfalde seg. I tillegg vil tilbodet i lokalmiljøet bidra til å skape identitet og tilhøyrslse. Korleis tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur er påverkar også dette. Kva ungdom er nøgde eller misnøgde med, varierer frå kommunen til kommune. Dette syner at kommunane kan gjere mykje for å legge til rette for at ungdomane skal trivast.¹⁸

Tal frå ungdataba syner at ungdomar flest er ganske eller svært nøgde med lokalmiljøet sitt. Likevel er det ein del som ikkje er nøgde. Jentene er i mindre grad enn gutane nøgde med lokalmiljøet sitt.




Figur 9 (vedlegg): Kor nøgde ungdomsskuleelevar er med lokalmiljøet. Bømlo 2021. Kjelde Ungdataba



Figur 10 (vedlegg): Kor nøgde elevar på vidaregåande er med lokalmiljøet. Bømlo 2021. Kjelde Ungdataba.


¹⁸ <https://www.ungdata.no/rapporter/>



Figur 11 (vedlegg): Kor n gde elevar p  mellomtrinnet er med n romr det der dei bur. B mlo 2021. Kjelde ungdomsdata junior.

9.1.4. Korleis ein opplev tilbodet der ein bur


I hovudsak er det fleire ungdomsskuleelevar enn elevar p  vidareg ande skule som opplev at tilbodet til ungdom er bra. Dette gjeld s rleg opplevinga av korleis kollektivtilbodet er og om ein har lokale for   treffe andre unge p  fritida. Ogs  her er jentene mindre n gde enn gutane p  B mlo.




Figur 12 (vedlegg): Korleis ungdom opplev tilbodet der dei bur. Ungdomsskular og vidareg ande skule B mlo 2021. Kjelde Ungdata.

9.2. Mobbing, vald og trakassering


Mobbing er eit alvorleg problem som rammar mange unge. På landsbasis opplev om lag åtte prosent av elevane i ungdomsskulen å bli plaga, utfrosen eller truga av andre unge. På vidaregåande skule opplevd om lag fem prosent det same på landsbasis. Tal frå ungdatabundersøkinga syner at det i 2021 var seks prosent av ungdomsskuleelevane på Bømlo som opplevde å bli mobba minst kvar 14. dag. Dette er ein liten nedgang samanlikna med førre undersøking i 2019. På vidaregåande skule var det i 2021 sju prosent av elevane på VG1, fem prosent av elevane på VG2 og tre prosent av elevane på VG3 som opplevde å bli mobba minst kvar 14. dag.



Figur 13 (vedlegg): Mobbetal ungdomsskular. Kjelde Ungdata.




Figur 14 (vedlegg): Mobbetal vidaregåande skule. Kjelde Ungdata.




Figur 15 (vedlegg): Prosentdel elevar på mellomtrinnet som blitt stengt ute, plaga eller truga. Bømlo og nasjonalt 2021. Kjelde ungdatabundersøkinga junior.

9.2.1. Negative ting via nett eller mobil


Det er ein del unge som opplev negative hendingar på internett. Det er litt fleire som opplev dette på ungdomsskulen enn på vidaregåande skule. Tre prosent av gutane og fire prosent av jentene på ungdomsskulen oppgav i 2021 å bli mobba, truga eller utestengt på internett minst kvar 14. dag. På vidaregåande skule er tilsvarende tal ein prosent av gutane og to prosent av jentene.



Figur 16 (vedlegg): Mobba, truga eller utestengt på nett. Ungdomsskular 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 17 (vedlegg): Mobba, truga eller utestengt på nett. Vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.




Figur 18 (vedlegg): Prosentdel elevar på mellomtrinnet som har opplevd negative hendingar på nett eller mobil. Bømlo og nasjonalt 2021. Kjelde: Ungdata junior.

9.2.2. Vener


Det å ha jamaldringar og vener å vere saman med er viktig for dei fleste i ungdomstida. Vener på same alder er ei kjelde til leik, støtte, tilhøyrslø og stadfesting. Rolla den jamaldrande venane spelar i livet til den einkilde ungdommen vil variere. Medan nokre trivst med å ha ein eller to vener, er andre opptekne av å ha ein stor venegjeng eller flest mogleg kontaktar på sosiale medium. Sosiale medium har gitt unge heilt nye arenaer å vere saman på. Dette har endra vilkåra for og forma på samvær med vener for mange. For mange vil kvaliteten på venskapar vere viktigare enn talet på vener og korleis ein er saman.

Jamaldringar og gode vener er viktige for utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse. Å ha vener er viktig fordi det gjev ei oppleving av å verte godteken.¹⁹

Ungdataundersøkinga som vart gjennomført i 2021 syner at ni av ti unge i Noreg har ein ven dei kan snakke med om alt mogleg. Samstundes er det svært urovekkjande at kvar tiande ungdom i Noreg manglar vener dei kan stole på og snakke med om alt mogleg. På Bømlo svarte i 2021 11% av elevane på ungdomsskulane og 12 % av elevane i vidaregåande skule at dei ikkje trur eller er sikre på at dei ikkje har nokon dei vil kalle vener no for tida. Dette er litt høgare enn landsnittet.




Figur 19 (vedlegg): Tidstrend minst ein fortruleg ven. Ungdomsskular 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 20 (vedlegg): Tidstrend minst ein fortruleg ven. Vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.

¹⁹ <https://www.ungdata.no/rapporter/>



Figur 21 (vedlegg): Prosentdel elevar på mellomtrinnet som oppgjev å ha minst ein fortruleg ven. Bømlo 2021. Kjelde Ungdata junior.


9.2.3. Skjermtid

I dag spelar digitale medium ei sentral rolle i ungdomane sine kvardagsliv. Stadig meir av fritida til dei unge vert brukt på skjermbaserte aktivitetar. På landsbasis brukar i overkant av halvparten i gjennomsnitt meir enn tre timar framfor ein skjerm dagleg, utanom skularbeid. Det er vanleg at gutar til saman brukar noko meir tid på skjermbaserte aktivitetar enn jenter. Medan gutar er mykje meir opptekne av spel, er jenter oftare på sosiale medium. Likevel er det stor variasjon mellom ungdomar.²⁰


Prosentdelen unge som brukar minst tre timar framfor ein skjerm dagleg har gått opp dei siste åra. Utviklinga går fort. I 2021 brukte 74% av ungdomsskuleelevane på Bømlo meir enn tre timar kvar dag framfor ein skjerm. I 2019 var dette talet 64% og i 2016 52%. Det er klart fleire unge på Bømlo som brukar mykje tid på skjermbaserte aktivitetar samanlikna med landssnittet.

Undersøkinga ungdatabar junior vart gjennomført blant elevar på mellomtrinnet, 5.-7. trinn, på Bømlo i 2021. Av resultatane kan ein lese at det er ein høgare prosentdel av elevane på Bømlo som brukar mykje tid framfor ein skjerm samanlikna med landssnittet. 26% av elevane på mellomtrinnet oppgav i 2021 at dei brukte meir enn fire timar dagleg på aktivitetar framfor ein skjerm utanom skularbeid.


Figur 22 (vedlegg): Skjermtid ungdomsskular 2021. Kjelde Ungdata.




²⁰ <https://www.ungdata.no/rapporter/>



Figur 23 (vedlegg): Skjermtid vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 24 (vedlegg): Tidstrend skjermtid ungdomsskular. Kjelde Ungdata.




Figur 25 (vedlegg): Skjermtid elevar på mellomtrinnet. Bømlo 2021. Kjelde ungdata junior.

9.3. Helse (psykisk helse)

Dei aller fleste unge har god helse. Ungdomstida er ein periode med store endringar, både kroppsleg og mentalt. For mange er dette ei spanande tid der dei får nye erfaringar, utviklar seg sosialt og prøver ut nye ting. Samstundes er dei tidlege tenåra ein periode der stadig fleire opplev ulike former for psykiske helseplager, og der vonde tankar og kjensler vil kunne prege korleis dei fungerer i kvardagslivet.²¹


Større openheit om og auka merksemd på psykiske helseplager har truleg bidrege til auken i sjølvrapporterte psykiske helseplager. Andre peikar på at auka individualisering i samfunnet og meir prestasjonspress kan forklare noko av auken. Ungdataundersøkingane har vist at unge både lokalt og nasjonalt i større grad enn tidlegare rapporterer om auke i sjølvopplevde psykiske helseplager. Tala frå Bømlo syner at det er langt fleire jenter enn gutar som rapporterer om slike plager.

Det er langt fleire ungdomsskuleelevar på Bømlo som oppgjev å vere plagt av einsemd enn det som er landssnittet. 32 % av ungdomsskuleelevane oppgav i 2021 at dei har vore «ganske mykje plagt» eller «veldig mykje plagt» av at dei har kjent seg einsame siste veka.



Figur 26 (vedlegg): Psykiske helseplager. Ungdomsskular 2021. Kjelde Ungdata.

²¹ <https://www.ungdata.no/rapporter/>



Figur 27 (vedlegg): Psykiske helseplager. Vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 28 (vedlegg): Tidstrend psykiske helseplager ungdomsskular. Kjelde Ungdata.

9.4. Rusmiddelbruk

9.4.1. Alkohol

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet i Noreg, og for mange ei kjelde til nyting og glede. Men alkoholbruk er også ein av dei viktigaste risikofaktorane for tap av friske leveår i befolkninga og er i tillegg årsak til sosiale problem og skadar, også for andre enn brukaren sjølv.²²

Folkehelseinstituttet skriv i ein artikkel om alkoholbruk i den vaksne befolkninga at åtte av ti har drukke alkohol siste år og halvparten har drukke seks eller fleire alkoholeiningar ved same høve. Desse tala har vor stabile i perioden 2012-2022. Menn drikk meir, oftare og meir risikofylt enn kvinner. Eldre drikk

²² www.regjeringen.no; Nasjonal alkoholstrategi- en helsefremmende og solidarisk alkoholpolitikk, 2021-2025

oftare enn yngre, men dei har eit mindre risikofylt drikkemønster. Høgt utdanningsnivå og høg inntekt har samanheng med høgare drikkfrekvens men lågare omfang av risikofylt drikking.²³

Alkohol er også det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Sjølv om me har sett ein nedgang i alkohol-bruken til ungdommen sidan tusenårsskiftet, er det framleis mange unge som drikk, særleg mot slutten av tenåra. Den synkande trenden i alkoholbruk blant ungdom etter tusenårsskiftet har flata ut i perioden 2015-2019. Nasjonalt ser me at om lag 50% av norske 15-16-åringar har drukke alkohol det siste året, og ein av fem har svart at dei har vore fulle. Det er generelt små forskjellar i alkoholbruk mellom gutar og jenter. Samanlikna med resten av Europa, er delen norske 15-16-åringar som drikk alkohol låg.²⁴

På Bømlo ser me at det har vore ein auke i prosentdelen ungdomsskuleelevar som oppgav å ha vore rusa på alkohol i løpet av det siste året i 2021 samanlikna med 2016 og 2019. Det er 28% av elevane på 10. trinn som har vore rusa på alkohol siste året. Det store fleirtalet av ungdomsskuleelevar har likevel ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen. Bømlo skil seg ikkje nemneverdig frå landsnittet når det gjeld alkoholbruk blant ungdomsskuleelevar. På vidaregåande har det vore ein liten reduksjon i prosentdelen elevar på VG1 og VG2 som har vore rusa på alkohol siste året, samanlikna med 2019. For elevane på VG3 ser me at tendensen har vore aukande. I 2021 oppgav 85% av elevane på VG3 å ha vore rusa på alkohol det siste året.



Figur 29 (vedlegg): Prosentdel som har vore rusa på alkohol siste året. Ungdomsskular 2021. Kjelde Ungdata.




Figur 30 (vedlegg): Prosentdel som har vore rusa på alkohol siste året. Vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 31 (vedlegg): Tidstrend ungdomsskuleelevar Bømlo som har vore rusa på alkohol siste året. Kjelde Ungdata.

²³ <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/?term=&h=1>

²⁴ <https://www.fhi.no/nettpub/alkoholinorge/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-blant-ungdom/?term=&h=1>




Figur 32(vedlegg): Tidstrend elevar på vidaregåande skule Bømlo som har vore rusa på alkohol siste året. Kjelde Ungdata.


9.4.2. Røyk og snus

Prosentdelen røykjarar har gått markant ned frå tusenårsskiftet til i dag, både blant ungdom og vaksne. Samstundes har prosentdelen unge som snusar gått opp. Auken i snusing veg likevel ikkje opp for nedgangen i røyking, og den samla bruken av tobakk har gått ned.


Dei aller fleste unge på Bømlo har aldri røykt. Det er ein prosent av ungdomsskuleelevane på Bømlo som i 2021 oppgav at dei røykjer dagleg eller vekentleg. For vidaregåande skule er tilsvarande tal tre prosent. Dette er noko lågare enn landssnittet. Når det gjeld snusing, ser me av tala frå ungdata at prosentdelen av ungdomsskuleelevar som i 2021 oppgav at dei snusar dagleg eller vekentleg, har gått opp frå ein prosent i 2019 til tre prosent i 2021. 11% av elevane i vidaregåande skule på Bømlo oppgav at dei snusar dagleg eller vekentleg. Dette er noko lågare enn landssnittet.




Figur 33 (vedlegg): Røyk og snus Bømlo og nasjonalt. Ungdomsskular 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 34 (vedlegg): Røyk og snus Bømlo og nasjonalt. Vidaregåande skule 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 35 (vedlegg): Tidstrend prosentdel som røyker eller snusar dagleg eller vekentleg. Ungdomsskular Bømlo. Kjelde Ungdata.




Figur 36 (vedlegg): Tidstrend prosentdel som røyker eller snusar dagleg eller vekentleg. Vidaregåande skule Bømlo. Kjelde Ungdata.

9.4.3. Illegale rusmiddel

Nettrappen «Narkotikabruk i Norge,» som Folkehelseinstituttet publiserer, gjev oversikt over bruk av illegale rusmiddel i den norske befolkninga. Datagrunnlaget er Folkehelseinstituttet sine årlege spørjeundersøkingar som vert gjennomført av Statistisk sentralbyrå. Her går det fram at cannabis er det mest brukte illegale rusmiddelet i Noreg. Ein av fire har prøvd cannabis i løpet av livet, medan rundt fem prosent oppgjer å ha brukt cannabis i løpet av dei siste 12 månadane. Nyleg cannabisbruk, siste år eller siste månad, er mest utbreidd i dei yngste aldersgruppene. I motsetnad til tidlegare år, var det små forskjellar mellom menn og kvinner i bruk av cannabis i 2022. Dei sentralstimulerande stoffa kokain, ecstasy/-MDMA og amfetaminar er dei mest brukte illegale rusmidla etter cannabis. Desse stoffa er mest utbreidd blant menn og i dei yngste aldersgruppene.²⁵


Tal frå ungdata syner at det i 2021 var to prosent av ungdomsskuleelevane på Bømlo som oppgav å ha brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året. Dette er litt under landssnittet. Det er langt fleire elevar som har fått tilbod om hasj eller marihuana i løpet av det siste året. Denne delen har vore aukande, men Bømlo er likevel under landssnittet også her. Også når det gjeld elevane på vidaregåande skule ser ein at Bømlo ligg under landssnittet både når det gjeld brukt og fått tilbod om hasj eller marihuana. Likevel er det 15% av elevane på VG3 på Bømlo som i 2021 oppgav å ha brukt cannabis siste året. 26% av VG3- elevane har fått tilbod om dette rusmiddelet.

Det er under ein prosent av ungdomsskuleelevane som i 2021 sa at dei har brukt andre illegale rusmiddel. Det er ein prosent av elevane på VG1, to prosent av elevane på VG2 og tre prosent av elevane på VG3 som har svart det same.



Figur 37 (vedlegg): Prosentdel som har brukt eller fått tilbod om hasj eller marihuana siste år. Ungdomsskular Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.


²⁵ <https://www.fhi.no/nettpub/narkotikainorge/bruk-av-narkotika/narkotikabruk-i-norge/?term=&h=1#om-siden-kontakt-endringshistorikk>




Figur 38 (vedlegg): Prosentdel som har brukt eller fått tilbud om hasj eller marihuana siste år. Videregående skule Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.



Figur 39 (vedlegg): Tidstrend prosentdel ungdomsskuleelevar på Bømlo som har brukt eller fått tilbud om hasj eller marihuana siste år. Kjelde Ungdata.




Figur 40 (vedlegg): Tidstrend prosentdel videregående elevar på Bømlo som har brukt hasj eller marihuana siste år. Kjelde Ungdata.



Figur 41 (vedlegg): Prosentdel elever i ungdomsskule og vidaregåande. Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.

9.4.4. Sosial ulikskap og økonomi



Figur 42 (vedlegg): Prosentdel elever i ungdomsskule og vidaregåande om økonomi. Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.


9.5. Vald og overgrep

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) lanserte i 2023 ein rapport²⁶ som presenterer den andre nasjonale omfangsstudien om vald og seksuelle overgrep i den vaksne befolkninga i Noreg. Den fyrste vart gjennomført i 2014. I løpet av perioden juni 2021 til juni 2022 vart 4299 personar i alderen 18-74 år intervjuet om sine erfaringar med vald og overgrep.

Rapporten syner at vald og overgrep framleis er eit alvorleg samfunnsproblem i Noreg. Omfanget av vald er høgt. Kvinner er særleg utsette for alvorleg vald i nære relasjonar og seksuell vald. Menn er meir utsette for fysisk vald enn kvinner. Det er fleire av deltakarane i studien som rapporterer om alvorleg vald samanlikna med deltakarane i den førre omfangsundersøkinga. Vald i nære relasjonar og alvorlege seksuelle overgrep ser ut til å auke.

I undersøkinga kjem det fram at politiet og rettsvesen berre var kjent med ein liten del av valden. Under halvparten av dei utsette hadde snakka med helsepersonell om det dei hadde vore utsett for. Utsette rapporterte ofte at dei hadde opplevd fleire typar vald og overgrep. I rapporten vert det også peika på at det var ein samanheng mellom å vere utsett for vald i barndommen og å oppleve vald og overgrep i vaksen alder.²⁷

Sjølv om dei fleste unge i Noreg generelt rapporterer om høg trivsel og gode levekår, vert ein del unge ramma av vald eller ulike former for trakassering. Forskingsinstituttet NOVA og NKVTS har begge gjennomført nasjonalt representative studiar av i kor stor grad unge er utsette for vald i familien. Funna syner at fleirtalet av ungdom ikkje har opplevd vald. Samstundes har ein del unge blitt utsette for ein aller anna form for fysisk vald av ein forelder, medan langt færre har opplevd alvorleg vald.²⁸




Figur 43 (vedlegg): Prosentdelen elever i ungdomsskule og vidaregåande skule som har opplevd vald. Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.

²⁶ Dale, M. T. G., Aakvaag, H. F., Strøm, I. F., Augusti, E. M., & Skauge, A. D. (2023). Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

²⁷ <https://www.nkvts.no/rapport/omfang-av-vold-og-overgrep-i-den-norske-befolkningen/>

²⁸ <https://www.ungdata.no/rapporter/>



Figur 44 (vedlegg): Prosentdel av elever i ungdomsskule og vidaregåande skule som har blitt utsett for seksuell trakassering. Bømlo 2021. Kjelde Ungdata.

9.6. Kriminalitet

I STRASAK- rapportane, som politiet presenterer på oppdrag frå Politidirektoratet og Riksadvokaten, vert hovudtrekka i den registrerte kriminaliteten og politiet si straffesaksbehandling, og utviklinga dei siste fem åra, presenterte. I rapporten for 2022, som vart utgitt i mars 2023, går det fram at det nasjonalt er ein auke i talet på melde tilhøve. Tjuveri og andre vinningsforhold har auka med nesten 24% samanlikna med 2021. Det er også auke i talet på melde valdsaker. Auken gjeld både alvorlege og mindre alvorlege valdslovbrot. Den kraftige årlege reduksjonen i melde narkotikalovbrot heldt fram i 2022. Det var ein nedgang i desse sakene på vel 15% frå året før og meir enn ei halvering sidan 2018.²⁹

I Sør-Vest politidistrikt har talet på melde saker også auka samanlikna med året før. Auken skuldast særleg auke i talet på melde tilhøve knytt til vinning, vald og skadeverk. Unntaket er geografisk driftseining (GDE) Stord, der det var ein reduksjon i talet melde saker samanlikna med året før. Bømlo høyrer til GDE Stord, saman med Stord og Fitjar kommunar. I heile politidistriktet er meldt kriminalitet likevel lågare enn i 2018.³⁰

²⁹ <https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/strasak/2022/anmeldt-kriminalitet-strasak-2022.pdf>

³⁰ <https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/strasak/2022/strasak-rapporten-2022.pdf>


Tabell 1: Hovedtall 2018-2022 Sør-Vest politidistrikt. Registrert kriminalitet og påtaleavgjorte saker.

Undersøkelsessaker teller ikke med. Kilde: Jus 066 og Jus 316.


Kriminalitetstype	Anmeldelser					Påtaleavgjorte saker			
	2021	2022	Prosent endring 21-22	Prosent endring 18-22	Andel	2022	Prosent endring 21-22	Prosent endring 18-22	Oppklaringsprosent
Annen	3 417	3 414	0 %	-9 %	13 %	3 408	2 %	-8,39 %	61,8 %
Arbeidsmiljø	105	75	-29 %	-10 %	0 %	71	-42 %	-14,46 %	61,5 %
Miljø	215	331	54 %	108 %	1 %	276	-2 %	64,29 %	40,4 %
Narkotika	1 641	1 550	-6 %	-64 %	6 %	1 628	-14 %	-63,91 %	55,6 %
Sedelighet	720	665	-8 %	-6 %	3 %	618	-8 %	-13,32 %	53,4 %
Skadeverk	1 831	2 120	16 %	13 %	8 %	2 093	18 %	7,06 %	14,8 %
Trafikk	4 287	4 377	2 %	1 %	17 %	4 342	3 %	-2,05 %	82,9 %
Vinning	7 826	9 355	20 %	11 %	35 %	9 648	22 %	-2,38 %	17,5 %
Vold	2 524	2 823	12 %	-8 %	11 %	2 709	12 %	-3,63 %	49,9 %
Økonomi	1 608	1 674	4 %	-24 %	6 %	2 614	22 %	-13,47 %	19,7 %
Totalsum	24 174	26 384	9 %	-9 %	100 %	27 407	11 %	-12,43 %	40,6 %

Figur 45 (vedlegg): Sør-Vest politidistrikt. Registrert kriminalitet og påtaleavgjorte saker 2018-2022.


Ser ein på Bømlo har det vore ein liten nedgang i straffesaker i 2022, samanlikna med året før. Nedgangen har vore størst i narkotikasaker. Også for kategoriane vinningskriminalitet, trafikk og vald og trugslar har det vore ein nedgang. Vinningskriminalitet, som mellom anna gjeld tjuveri og nasking, har vore aukande nasjonalt. Det er grunn til å tru at me også vil få ein auke innan dette området lokalt. I 2019 var det 43 narkotikasaker med mistenkt under 18 år i GDE Stord. I 2022 var det null slike saker. Dette heng truleg saman med rusreformdebatten og Riksadvokaten sin gjennomgang av tvangsmiddelbruk i mindre narkotikasaker.



Figur 46 (vedlegg): Utvikling straffesaker GDE Stord. Kjelde STRASAK-rapporten 2022, politiet.



Figur 47 (vedlegg): Utvikling ulike straffesaker GDE Stord. Kjelde STRASAK- rapporten 2022, politiet.



Figur 48 (vedlegg): Utvikling straffesaker med mistenkt U18 GDE Stord. Kjelde STRASAK- rapporten 2022, politiet.